



HØGSKULEN I VOLDA




Foto: PAB

Rapport 2009 Planar 2010

Rapport og planar (2009-2010)

Innhald

1. Innleiing.....	2
Styrets vurdering av eige arbeid	2
Utfordringar og strategiske risikovurderingar	2
Strategiar.....	3
2. Resultatrapportering for 2009.....	6
Sektormål 1 - utdanning	6
Sektormål 2 - forskning.....	17
Sektormål 3 - formidling	20
Sektormål 4 - organisering.....	29
Særskilde rapporteringar	36
3. Planar for 2010	38
3.1 Plan for verksemda i 2010.....	38
Sektormål 1 - utdanning	38
Sektormål 2 - forskning.....	43
Sektormål 3 - formidling	45
Sektormål 4 - organisering.....	50
Særskilde rapporteringar	56
3.2 Plan for tildelt løyving for 2010.....	57

1. Innleiing

Kapittel 1 omhandlar det som vi ser på som dei største utfordringane våre og ei oppsummering av strategiane våre. Dette kapitlet har eit meir langsiktig perspektiv enn dei to andre kapitla. Kapittel 2 er resultatrapport for 2009 og kapittel 3 er planar for 2010.

Under utfordringar i kapittel 1 vurderer vi dei sentrale risikoane våre, medan vi i kapittel 3 er meir konkrete i risikovurderingane, men vi konsentrerer oss likevel om dei risikoane vi meiner er dei mest sentrale, og vi har relatert dei til aktuelle verksemdmål.

Det har vore halde 7 styremøte i 2009, og det har vore arrangert eitt styreseminar der det sentrale temaet var rekruttering og ny lærarutdanning.

Høgskulen i Volda (HVO) har fire avdelingar, og i dokumentet er forkortingane nytta:

AKF - Avdeling for kulturfag

ASH - Avdeling for samfunnsfag og historie

AMF - Avdeling for mediefag

AHL - Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning

Styrets vurdering av eige arbeid

Styret er godt nøgd med møteleiing, saksførebuing, forslag til vedtak, iverksetting og rapportering. I dei aller fleste saker forhandlar styret seg fram til samrøystes vedtak. I tillegg til vanlege saker blir strategiske saker drøfta på styreseminar og på møte før vedtak skal fattast. Ein arbeider seg fram til vedtak ein kan samle seg om etter grundige prosessar.

Styret fungerer godt som eit kollegium, med utfyllande samspel mellom interne og eksterne medlemmer. Det er ei utfordring at forfallet mellom eksterne er stort, noko som skaper utfordringar i nokre saker som blir drøfta på fleire møte før vedtak. Spesielt eksterne styremedlemmer meiner at for ein del mindre kompliserte saker bør det vere tilstrekkeleg med administrasjonen si saksutgreiing, utan alle vedlegga som følgjer med.

Styremedlemmene uttrykker at dei opplever at styret har komplementær kompetanse. Det kan innimellom vere krevjande å skilje ut dei overordna perspektiva i detaljerte interne fagsyn, men som hovudsak så fungerer det. Spesielt studentar peikar på at det trengs ei "skolering" av nye styremedlemmer, eventuelt berre for studentrepresentantane. Dette blir gjort når nytt styre blir konstituert, men blir nok forsømt for nye medlemmer undervegs. Dette vil vi prøve å rette på.

Utfordringar og strategiske risikovurderingar

1. **Rekruttering av studentar.** Utviklinga i 2009 viste for andre år på rad ein liten auke i søkinga til profesjonsutdanningane, men vi er framleis ikkje nøgde med talet på søkjarar. Resultata for kandidatproduksjonen viser nedgang totalt, men med ein liten auke for nokre av dei sentrale profesjonsutdanningane. Vi har også stort fråfall undervegs i studiet på nokre utdanningar. Difor meiner vi at den største utfordringa for Høgskulen i Volda framleis er å rekruttere tilstrekkeleg med gode studentar til dei fleste profesjonsutdanningane våre. No

Innleiing

når lærarutdanninga skal leggest om, er det viktig å auke rekrutteringa monaleg for at vi skal kunne gje eit godt utdanningstilbod. Med unntak av medieutdanningane er våre studium profilerte mot offentleg verksemd og spesielt kommunal verksemd. Storparten av studentane ved desse utdanningane er frå regionen og vi utdannar til arbeid i regionen. Den manglande nasjonale og regionale rekrutteringa av studentar til velferdsstatens yrker er ei stor utfordring for regionen og for høgskulen. Til dømes utdannar Høgskulen i Volda kring 100 lærarar i året (allmenn og PPU), medan behovet vil vere nærare 500 i året dei komande 10 åra. **Høgskulen i Volda vil arbeide systematisk for å auke rekrutteringa til profesjonsutdanningane.**

2. **Rekruttering av fagtilsette.** Høgskulen i Volda har ein fagstab på 200 på heiltid og deltid. På grunn av aldersstrukturen må minst 1/3 av staben fornyast dei komande 10 åra. Spesielt er det ei utfordring å rekruttere nye medarbeidarar med høge kvalifikasjonar, dei fleste av våre professorar og dosentar har vi kvalifisert sjølve. Manglande toppkompetanse kan bli ein flaskehals for fagleg utvikling. **Høgskulen i Volda vil satse på å rekruttere og kvalifisere nye medarbeidarar, og gjennom stipendiatprogram, førstelektorutdanningar, kvalifiseringsmidlar, forskings- og utviklingsprosjekt vil vi vidareutdanne eigne medarbeidarar.**
3. **Forskning og utviklingsarbeid.** Høgskulen i Volda har halde oppe ei høg forskings- og publiseringserverksemd i 2009. Men fleire medarbeidarar burde ta del i denne verksemda. Dette krev: Tydelegare profilering av forskingsverksemda og konsentrasjon av FoU-ressursar på utvalde område i utvalde perioder. Betre forskingsleiing på operativt nivå – arbeide fram gode prosjektsøknader, drive kollegarettleiing og interne forskingsseminar. Betre gjennomstrøyming av doktorgradskandidatar. Generasjonsskifte – rekruttering av nye fagtilsette på toppnivå. Kontinuerleg kompetanseheving på alle nivå. Utnytte eigarskapet til og samarbeidet med Møreforskning til å utvikle felles forskingssatsingar.
4. **Samarbeid.** Den største samarbeidsutfordringa i tida framover er å utvikle eit godt samarbeid gjennom UH-nett Vest om dei nye grunnskulelærarutdanningane. Vi ser også samarbeidsutfordringar når det gjeld å få til forskarskular i nettverk.

Strategiar

1. **Høgskulen i Volda skal primært vere ein profesjonshøgskule.**
For å oppnå dette må vi prioritere:
 - Vidareutvikling av, satsing på og profilering av profesjonsutdanningane (grunnutdanning, masterutdanning, livslang læring) i nær kontakt med yrkesfeltet og samarbeidspartar nasjonalt og internasjonalt. Vi må leggje vekt på tettare samarbeid mellom avdelingane, utnytte betre den samla faglege kompetansen ved høgskulen og unngå små og konkurrerande emne innanfor nærslakta fag. Våre MA-utdanningar vil primært vere vidareutdanning av profesjonsutøvarar med yrkeserfaring.
 - Konsentrasjon om og profilering av undervisning og forskning for å få større og sterkare fagmiljø og utdanningar. Høgskulen i Volda har som langsiktig mål å auke årleg opptak på BA-program og på masterutdanningar. Dette bør innebere at vi har færre og større program, men med ein viss valfridom i høve til spesialisering.
 - Vi skal også leggje til rette for fleksibilitet mellom utdanningar, og ha tilbod for studentar som ønskjer å prøve ut sine faglege interesser i møte med utdanning på

Innleiing

høgare nivå, uavhengig av bestemte yrkesval. For ein liten høgskule er det også viktig å tilby fleksible utdanningskombinasjonar og studentutveksling med andre utdanningsinstitusjonar, både nasjonalt og internasjonalt.

2. *Høgskulen i Volda skal avklare og vidareutvikle desse masterutdanningane:*

- Spesialpedagogikk samordna med ny lærarutdanning
- Sosialt arbeid – meistring og myndiggjering
- Samfunnsplanlegging og leiing (med spesialisering i skuleleiing)
- Kulturmøte samordna med master i Nynorsk skriftkultur
- Journalistikk
- 5-årig lærarutdanning
- Mastergradtilbod i kulturfag

3. *Forskingsmål:*

- Høgskulen i Volda skal utvikle spisskompetanse på dei områda der vi har/skal utvikle mastergrader og doktorgrader.
- Høgskulen i Volda skal styrkje forskning i og for praksisfeltet i profesjonsutdanningane.
- Nynorsk språk og kultur skal vere sentralt i FoU-verksemda ved Høgskulen i Volda.
- Høgskulen i Volda skal utvikle FoU-verksemd som er relevant for eller er relatert til det regionale arbeidslivet.
- Høgskulen i Volda skal samarbeide aktivt med Møreforskning om gjensidig utvikling av FoU-verksemda.
- Alle tilsette med FoU-ressursar skal vere FoU-aktive og publisere/formidle resultatane av arbeida sine.
- Høgskulen i Volda skal leggje til rette for at studentar får delta aktivt i FoU-verksemd og får kontakt med forskingsmiljøa både på høgskulen og Møreforskning.

4. *Høgskulen i Volda skal aktivt vidareutvikle lærings- og arbeidsmåtar som utnyttar fordelane med eit lite studiemiljø, kjenneteikna av nærleik mellom studentar og tilsette.*

Vi vil prioritere:

- å leggje til rette for studieformer med vekt på god kontakt mellom studentane og mellom lærarar og studentar, organisere studentaktive læringsarenaer, skape forventningar om deltaking og individuelt ansvar
- å ha gode, fleksible serviceordningar og administrative system som møter studenten med respekt og samtidig gir klare forventningar om studenten sine plikter
- å utvikle ein organisatorisk og akademisk kultur som verdset nær studentkontakt, formidling av kunnskap, utvikling av etisk refleksjon og danning i studentgruppa
- å skape tilknytning og identifikasjon med høgskulen og høgskulemiljøet, både hos studentar og tilsette

5. *Høgskulen i Volda skal satse på systematisk kompetanseheving og rekruttering av tilsette.*

Nært knytt til profesjonsprofilen vil vi prioritere:

- Internskulering spesielt retta inn mot kvalitetsheving og kompetanseheving ut frå faglege behov, utdanningsprofilering og ut frå behova i samfunnet kring oss.

Innleiing

- Interne og eksterne kvalifiserings- og forskingsprogram for tilsette; stipendiatprogram, førstelektorprogram m.m. Vi vil organisere stipendiatar og forskarar i strategiske program med høgt kvalifisert fagleg leiing og rettleiing.
- Aktiv deltaking i samarbeid om administrativ opplæring, forskarskular, doktorgradsprogram og forskings- og utviklingsprosjekt regionalt, nasjonalt og internasjonalt.
- Ein aktiv og langsiktig rekrutteringspolitikk med m.a. "kalling" til sentrale fagområde.

6. *Høgskulen i Volda skal samarbeide aktivt med regionale, nasjonale og internasjonale institusjonar og aktørar.*

Fokus i vidare utvikling av universitet og høgskular i Noreg må vere knytt til fagleg utvikling og faglege utfordringar, ikkje kosmetiske strukturendringar. Dette krev prioritering av:

- Aktivt samarbeid for utvikling av profesjonsutdanningar med UH-nett Vest, etter- og vidareutdanning ut frå behova i arbeidslivet og spesielt innan våre profesjonssatsingar, like eins marknadsføring og studentrekruttering.
- Aktivt samarbeid for klarlegging av kunnskapsutfordringar og -behov i arbeidsliv og samfunn, og målretta utvikling av forskings- og utviklingsprogram for å dekke behova. Høgskulen i Volda vil aktivt støtte forskings- og utviklingsarbeid knytt til regionale forskingsfond, VRI, profesjonsretta forskning m.m.
- Aktiv nettverksbygging, samfunnskontakt og formidling – vi skal vere synlege og aktivt utvikle omdømmet vårt regionalt, nasjonalt og internasjonalt.
- Høgskulen i Volda vil konsentrere det nasjonale og internasjonale samarbeidet til institusjonar der vi kan samarbeide til gjensidig nytte, studentutveksling og utdannings- og forskingssamarbeid.
- Samarbeid om forskarutdanning og forskarskular spesielt retta mot behova i profesjonsfaga.
- Samarbeid om masterutdanningar innan felt der det er store faglege synergieffektar knytt til samarbeid – internasjonale og nasjonale samarbeidspartar.
- Institusjonelt samarbeid om dette fører til klare faglege og økonomiske gevinstar for Høgskulen i Volda og regionen og styrking av fagmiljøet i Volda innan utdanning, forskning og samfunnsarbeid.

2. Resultatrapportering for 2009

Sektormål 1 - utdanning

Høgskulane skal tilby utdanning av høg internasjonal kvalitet som er basert på det fremste innan forskning, fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid og erfaringskunnskap.

Verksemdmål 1.1 (KD): Høgskulen i Volda skal utdanne kandidatar med høg kompetanse og med relevans for behova i samfunnet.

Resultatmål:

- **Høgskulen i Volda skal ha minst 1350 primærøkyjarar i samordna opptak.**

Vi har satsa mykje på å auke talet på primærøkyjarar innan allmennlærerutdanning og førskulelærerutdanning. HVO sin informasjonsstand blei i 2009 kåra som beste stand på fire store utdanningsmesser i Sør-Noreg (Oslo, Trondheim, Bergen, Ålesund).

Etter at opptaket er gjennomført, viser tala at vi fekk 1263 førsteprioritetssøkyjarar (2008: 1270 og 2007: 1161). Dersom vi legg dei 49 overgangsstudentane* som vi flytta på internt, framfor at dei måtte søkje nytt eksternt opptak, kan vi seie at vi er oppe i 1312 førsteprioritetssøkyjarar. Så sjølv om vi har teke del i nasjonale kampanjar og satsa mykje på rekruttering, har vi ikkje nådd resultatmålet.

**Overgangsstudent betyr at dei har søkt internt og fått ny studierett på bachelorgradsstudium etter fullført årsstudium innan same fagområde.*

- **Høgskulen i Volda skal utdanne minst 260 bachelorkandidatar.**

HVO har utdanna 245 bachelorkandidatar. Vi har dermed ikkje nådd målet.

Tal uteksaminerte kandidatar fordelt på utvalde område	2006	2007	2008	2009
Førskulelærerutdanning	28	41	35	43
Bachelor i sosialt arbeid – barnevernspedagog	48	42	32	34
Bachelor i sosialt arbeid – sosionom	46	56	40	42
Bachelor i journalistikk	49	49	50	38
Bachelor i media, IKT og design	14	15	15	22
Bachelor i musikk			13	17
Bachelor i friluftsliv og idrett			10	9

Nokre avdelingar har svikt i kandidatproduksjonen i 2009. Opptaket var lågt hausten 2006 og fråfallet har vore større enn venta. Det gjeld både master- og bachelornivå. Problema er møtt på fleire måtar:

Rapport 2009

- arbeid for auka opptak til utdanningane (marknadsføring, bruk av heimesidene for å minne om søknadsfristar, restetorg, oppfølging av søkjarar med kontaktpersonar for alle fag, arbeid for fleksibilitet i søkeprosessen)
- omlegging av arbeidskrav og eksamensordningar, innføring av obligatorisk frammøte
- sette i gang alternative tilbod, mastertilbod ved Høgskolen Stord/Haugesund og andre tilbod i samarbeid med eksterne interessentar.

Ved bachelorutdanninga i journalistikk har det vore mange studentar med innpassingar tidlegare år. Desse har blitt ferdige på to år. I 2009 tar fleire studentar studieprogrammet over tre år. Svikten i kandidatproduksjonen er først og fremst knytt til dette.

- **Høgskulen i Volda skal utdanne minst 30 masterkandidatar.**

Tal kandidatar	2006	2007	2008	2009
Master i spesialpedagogikk	8	15	21	10
Master i samfunnsplanlegging og leiing	12	7	8	9
Master i nynorsk skriftkultur	2	2	3	2
Master i helse- og sosialfag			7	7
Master i kulturmøte				1
Samla	22	24	38	29

Vi har utdanna 29 masterkandidatar i 2009. I 2008 fullførte 21 kandidatar mastergraden i spesialpedagogikk, mot 10 i 2009. Kandidatproduksjonen går ofte i rykk og napp fordi vi har mange deltidsstudentar på desse studieprogramma.

- **Høgskulen i Volda skal utdanne minst 60 allmennlærarkandidatar og 50 PPU-kandidatar.**

Tal uteksaminerte kandidatar fordelt på utvalde område	2004	2005	2006	2007	2008	2009
Allmennlærerutdanning	85	84	91	90	53	53
PPU	126	48	112	60	51	69

Vi har uteksaminert 53 allmennlærarkandidatar. Talet på uteksaminerte PPU-kandidatar er 69 personar i 2009. Vi har dermed berre delvis nådd målet. I 2005 tok vi berre opp 45 studentar på allmennlærerutdanninga. Fleire har dermed gjort seg ferdige på 3 år.

- **Høgskulen i Volda skal vidareutvikle fleksible utdanningstilbod – spesielt innan profesjonsutdanningane og vidareutdanningar retta mot lærarar.**

I 2009 vart det starta opp ei ny profesjonsutdanning: *Arbeidsplassbasert førskulelærerutdanning* (ABF) med fleksibel organisering. Studiet skal gå over 4 år som deltidsstudium, det er samlingsbasert med veksling av samlingslokalitet Volda/Ålesund/Molde, og vi krev at

studentane har 40 % stilling i barnehage under utdanninga. Studiet vert gjennomført i samarbeid med kommunane i regionen.

Vi har halde fram med å leggje til rette og tilby vidareutdanning for lærarar som nettstudium og samlingsbaserte studium.

Avdeling for mediefag (AMF) har utvikla fleire vidareutdanningar for mediefeltet i samarbeid med aktørar i bransjen. I 2009 har ein utvikla eit nytt tilbod kalla *Deskjournalistikk for e-læring*, og har under utvikling eit emne *Oppsøkende og gravende journalistikk* med planlagt oppstart som betalingsemne hausten 2010.

Vi har også fleire samlingsbaserte og desentraliserte tilbod på masternivå, t.d. skuleleiing i samarbeid med fleire kommunar i regionen, master i helse- og sosialfag i samarbeid med Høgskolen Stord/Haugesund.

- **Høgskulen i Volda skal utvikle ein god modell for lærarutdanning retta mot regionen.** Høgskulen i Volda har søkt og fått tildelt begge lærarutdanningsprogramma (1-7 og 5-10) i samarbeid med UH-nett Vest, og med særlege avtalar med Høgskulen i Sogn og Fjordane. Modellane tek omsyn til behova i regionen m.o.t. kompetanse i sentrale skulefag, og legg vekt på å dra nytte av ressursane i faglege storseksjonar som er etablert innan nettverket.

Høgskulen i Volda har nytta erfaringane frå oppfølginga av evalueringa av lærarutdanninga i utviklingsarbeidet knytt til ny lærarutdanning. I 2009 har HVO vidareutvikla ein modell som kan nyttast som samarbeidsform med utgangspunkt i kompetanseheving og samhandling mellom lærarutdanning og skuleeigar (praksisskular). HVO har også arbeidd med å styrke fagleg kompetanse blant eigne fagtilsette og praksisfeltet sin kompetanse på tema elevvurdering – betre vurderingspraksis. Eitt av måla har også vore å auke studentane sin kompetanse på desse felta.

I den nye lærarutdanninga vil internasjonalisering vere ein viktig komponent, og vi arbeider for at alle studentar skal ha høve til å ha eitt semester i utlandet som ein integrert del av lærarutdanninga, med spesiell vekt på samfunnsfaga. Vi bygger vidare på samarbeidet som vi alt har utvikla gjennom fredskorpsprosjekt og vi vil spele på lag med godt etablerte partnarar i så vel Afrika som Europa.

- **Høgskulen skal starte implementeringa av kvalifikasjonsrammeverket i studieplanarbeidet.**

Vi har starta forsiktig og hovudtyngda av arbeidet vil skje i 2010. I 2009 har vi innført at nye studie- og emneplanar må stette krava i kvalifikasjonsrammeverket, medan for eldre planar er det valfritt å gjennomføre slik revisjon i dette studieåret eller vente til neste år. Vi har tilsett ein person frå 1. august 2009 som skal ha eit oppfølgingsansvar for studieplanarbeidet ved HVO. Vi

har utarbeidd ein plan for implementering av kvalifikasjonsrammeverket. Dette har høg prioritet og strategisk studienemnd fokuserer på dette arbeidet i kvart møte.

- **Høgskulen i Volda skal satse på kulturfaga.**

Avdeling for kulturfag (AKF) har auka produksjonen sin dei to siste åra. I 2009 har AKF 421 heiltidsekvivalentar, det inneber ein auke på meir enn 30 % frå avdelinga var oppretta. HVO si satsing på AKF både gjennom strategiske midlar og gjennom det som vart oppfatta som ei noko høg basisfinansiering (420 heiltidsekvivalentar), må såleis seiast å ha gitt resultat. I høve risikovurdering kan det vere på sin plass å nemne at det høge studenttalet ikkje er tilpassa tilgangen på maskiner, utstyr og rom, og at det vert stor slitasje på utstyret. Det er viktig å streke under at produksjonsauken i Volda skjer i ei tid der tilboda innanfor kulturfag i høgskulesektoren har vorte nedskorne. Dei fleste grunngir dette med at kulturfaga er dyre å drifte. Når dei praktisk-estetiske faga ikkje lenger er obligatoriske i lærarutdanninga, kan ein ikkje ta seg råd til å gje det same tilbodet som før. Det er såleis grunn til å leggje merke til at AKF trass i desse tilhøva har greidd å auke produksjonen innanfor eit kostnadskrevjande fagområde.

Vurderingar:

HVO har nådd mange av måla under punkt 1.1, men talet på primærskolar og BA-kandidatar ligg under resultatmålet. Det gir framleis grunn til uro at vi tek opp færre studentar på våre viktige profesjonsutdanningar. Opne studium kan gi lågare inntakskvalitet, noko som kan føre til større fråfall og for få kandidatar. Vi har lukkast godt med å utvikle fleksible studietilbod. Dette viser at vi svarar godt på behov i regionen. HVO sin strategi har vore å ha ein relativt brei fagportefølje for å dekkje behov i regionen. Vi meiner at tida ikkje har vore inne til å gjere større endringar i studietilbodet, men vi vurderer heile tida situasjonen. Samansetjinga av studieporteføljen blir eit viktig tema i 2010 når vi skal lage ny strategiplan. Dei strategiske studieprogramma våre er profesjonsbachelor, lærarutdanningane og masterutdanningane. Dei blir prioriterte i marknadsføringa vår. Det er gledeleg at AKF no har fått betre studentrekruttering og har auka studiepoengproduksjonen.

Styringsparameter	Resultat				Resultat-mål
	2005	2006	2007	2008	2009
Talet på primærskjalar per studieplass	Departementet hentar tal frå DBH				1,3
Uteksaminerte kandidatar på bachelorprogram					260
Uteksaminerte masterkandidatar					30
Uteksaminerte allmennlærarkandidatar					60
Uteksaminerte PPU - kandidatar					50
Primærskjalar i samordna opptak			1 161	1 270	1 350

Det faktiske resultatet for 2009 er spesifisert i tabellen under tilsvarende verksemdmål i planane for 2010.

Verksemdmål 1.2 (KD): Høgskulen i Volda skal tilby eit godt læringsmiljø med undervisnings- og vurderingsformer som sikrar fagleg innhald, læringsutbytte og god gjennomstrøyming.

Resultatmål:

- **Høgskulen i Volda skal vidareutvikle kvalitetssystemet og stimulere til god dialog og diskusjonar mellom tilsette og studentar knytt til kvalitetsarbeidet.**

Fagutvala fungerer stort sett bra, men det gjenstår å finne gode arbeidsformer slik at detaljar vert løyste på lågast mogleg nivå. Felles for HVO er at mange fagmiljø etter kvart har innført obligatorisk frammøte til undervisning og seminar. Dette er eit tema som studentane er opptekne av og det blir diskutert i ulike fora. Studentane er ikkje udeelt positive til dette, men førebels har ikkje fagmiljøa vurdert å redusere omfanget av obligatorisk undervisning. Diskusjonane om dette har ført til auka merksemd på studiekvalitet og meir debatt om korleis ein skal oppnå denne kvalitetsauken.

Nokre avdelingar har på ulike måtar tematisert kva som bør kjenneteikne høgare utdanning og korleis avdelinga sine forventingar til studentane skal avspegle seg. Det gjeld spørsmål om ulike typar eksamens- og prøvingsordningar, ulike kunnskapssyn, studentrettlegg, korleis vi involverer studentane i faglege og studiefaglege spørsmål.

- **Høgskulen i Volda skal satse på meir målretta kommunikasjon om kvalitetsarbeid og betre informasjon om temaet på nettsidene.**

Dekanane har bidrege til at kvalitetsarbeidet har fått større merksemd i avdelingane. Nettsidene har vore oppdaterte, men vi har ikkje hatt ressursar til å kome i gang med meir målretta kommunikasjon og ny struktur på veven knytt til kvalitetsarbeid.

- **Høgskulen i Volda skal kople arbeidet med implementering av kvalifikasjonsrammeverket mot arbeidet med studiekvaliteten i studieprogramma.**

I arbeidet med nye program- og emneplanar nyttar avdelingane no strukturar og omgrep i tråd med kvalifikasjonsrammeverket. Alle nye studieprogram og emne skal vere tilpassa desse krava. Vi har tilsett ein rådgjevar i studieadministrasjonen som skal hjelpe med og følgje opp studieplanarbeidet i avdelingane. Samtidig er det viktig å understreke at studieplanarbeidet først og fremst er eit fagleg ansvar.

- **Høgskulen i Volda skal arbeide for å realisere handlingsplanen for inkluderande læringsmiljø.**

Styret handsama oppfølging av plan for inkluderande læringsmiljø på møtet i januar i år. Mange av tiltaka i planen er følgt opp. Det mest krevjande i tida framover er å leggje til rette undervisninga og undervisningsmateriellet slik at alle studentar får eit best mogeleg utbyte. Det krev ein del økonomiske investeringar, men handlar like mykje om å påverke haldningar.

- **Strategisk studienemnd skal arrangere ein fagdag om dei obligatoriske elementa i undervisninga.**

Strategisk studienemnd har ikkje klart å gjennomføre dette. Fokus har i stor grad vore retta mot ny lærarutdanning. Strategisk studienemnd har arrangert ein fagdag om kvalifikasjonsrammeverket i samarbeid med høgskulane i Ålesund og Molde.

- **Høgskulen i Volda skal gjennomføre eit prosjekt for å optimalisere tenesta i avdelingane og fellesadministrasjonen knytt til søkjarar og studentar.**

Studieadministrasjonen og avdelingane har hatt ein gjennomgang av alle studieadministrative oppgåver for å vurdere om desse oppgåvene blir utført i rett eining (i avdelinga eller i studieadministrasjonen). Resultata av denne gjennomgangen har vore lagt fram for dekanmøtet. Forbetringspotensialet er særleg knytt til informasjonsformidling, opplæring av kvarandre og auka forståing for kvardagen til dei andre. HVO har engasjert ein person som har ansvar for studentsørvistorget.

- **Høgskulen i Volda skal liggje på nasjonalt gjennomsnittsnivå når det gjeld studiepoengsproduksjon pr heiltidsstudent.**

Gjennomføring samanlikna med avtalt utdanningsplan	2004	2005	2006	2007	2008	2009
Alle statlege høgskular	78,4	82,6	85,9	82,2	84,5	87,4
HVO	85,6	82,5	80,9	84,6	85,6	85,4

HVO ligg litt under det nasjonale nivået, men vi har ein stabil produksjon.

Vi samanliknar også gjennomstrøyminga knytt til studiepoengsproduksjonen (dvs at alle studentane er med i denne oversikta, også dei som ikkje har utdanningsplan):

Rapport 2009

HVO	Heiltidsekvivalentar			Studiepoengproduksjon			Gjennomstrøyming
	Haust	Vår	Snitt-tal studieåret	Haust	Vår	Heile studieåret	
Studieåret 05/06	2649	2374	2511,5	683,2	1346,1	2029,3	81 %
Studieåret 06/07	2451	2238	2344,5	684,6	1188,2	1872,8	80 %
Studieåret 07/08	2289	2081	2185	670,1	1130,3	1800,4	82 %
Studieåret 08/09	2320	2136	2228	695,2	1174,9	1870,1	84 %

Det er små variasjonar i gjennomstrøymingsprosenten, vi ligg relativt stabilt på litt over 80 %. Det er variasjonar internt ved HVO. AMF har hatt meir enn 100 % gjennomstrøyming heilt sidan 2001. Dette betyr at mediastudentar tek meir enn 60 studiepoeng i snitt pr studieår.

Vurderingar:

Samla sett tyder tilbakemeldingane på at studiekvaliteten er tilfredsstillande ved HVO. Dei emne- og studieprogramansvarlege ser ut til gjennomgåande å arbeide systematisk og godt med studiekvalitet. Dei analyserer, rapporterer og gjer framlegg om eventuelle justeringar av undervisningsopplegga. Dekanane er tillagt eit særst centralt ansvar for studiekvalitet, også for å rapportere om studiekvalitet vidare i systemet. Det blir meldt om utfordringar knytt til emneevalueringar og korleis ein skal gjennomføre desse. Strategisk studienemnd vil gripe fatt i dette og vurdere om vi treng ein fastare struktur på emneevalueringane.

Det blir arbeidd bra med dei ulike punkta under Verksamdmål 1.2. Men vi har ein jobb å gjere når det gjeld å betre informasjon om studiekvalitet. Vi har også eit forbetringspotensiale når det gjeld å dokumentere det arbeidet vi gjer med studiekvaliteten.

Styringsparameter	Resultat				Resultat-mål
	2005	2006	2007	2008	
Nye studiepoeng per eigenfinansiert heiltidsstudent per år	Departementet hentar tal frå DBH				49
Studentar per undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling	Departementet hentar tal frå DBH				17
Gjennomføring i høve avtalt utdanningsplan i prosent	82,5	80,9	84,6	85,6	86

Det faktiske resultatet for 2009 er spesifisert i tabellen under tilsvarande verksamdmål i planane for 2010.

Verksemdmål 1.3 (KD): Høgskulen i Volda skal ha eit utstrekt internasjonalt utdanningssamarbeid av høg kvalitet som medverkar til auka utdanningskvalitet.

Resultatmål:

- **Høgskulen i Volda skal arbeide for å vidareføre dei to IP-prosjekta (Intensive Programs) dei to komande åra.**

I 2009 hadde Volda to av fire IP-prosjekt leia av norske institusjonar. Begge IP-prosjekta vart gjennomførte som planlagt. AKF sin IP, *Arts in Education – learning in and through the arts*, hadde studentopphald i Volda frå 14.-27. juni med 48 studentar og 12 lærarar/kunstnarar som arbeidde i ein felles workshop i Volda. Deltakarane kom frå Latvia, Tyrkia, Wales og Noreg. Heile opphaldet i Volda er dokumentert gjennom filmopptak. Emnet gav 10 ects studiepoeng. HVO har fått ny løyving for å drive IP-prosjektet vidare. Neste emne, *Arts and understanding*, er lagt til Tyrkia i perioden 11.-28. juni 2010.

AMF gjennomførte sin IP, *Acting for Animation*, frå 25. april-10. mai med 30 studentar og 8 lærarar/kunstnarar frå Estland, Wales og Noreg. Tilbakemeldingane var strålende og studentevalueringa gav høgste karakter. Emnet gav 5 ects studiepoeng. Prosjektet har ført til nærare samarbeid mellom deltakarinstitusjonane og ein har som målsetjing å arbeide fram mot ein joint master i animasjon. Det er innvilga støtte til nytt prosjekt i Volda 06.-20. april 2010.

Dei faglege erfaringane med IP-prosjekta er svært gode, men slike prosjekt har sine byråkratiske vanskar, t.d. at desse studentane må ha norsk identitetsnummer for å kunne bli registrert som student i Felles studentsystem (FS). Den økonomiske støtta for deltakande studentar og lærarar er tilfredsstillande, medan støtte på 9.900 Euro til den koordinerande institusjonen (Volda) skulle ha vore dobla.

- **Høgskulen i Volda skal satse på eit studium knytt til verdsarven og Vestnorsk fjordlandskap på engelsk: World heritage of the Geiranger fjord (30 stp) frå hausten 2009.**

Studiet vart gjennomført med 11 studentar frå Spania, Finland, Noreg, Tyskland og Canada. Studiet vart svært vellukka, og studentane var m.a. 3 ½ veke i Geirangerfjorden og omegn for datainnsamling og ekskursjonar. I ettertid vart det utarbeidd ulike typar tekster og medieproduksjonar, og også ei framifrå utstilling med biletmateriale frå semesteret. Studiet har eigne nettsider med studentblogg. Studiet er eit godt døme på samarbeid på tvers av avdelingane.

- **Høgskulen i Volda skal oppretthalde minst same aktivitet når det gjeld utvekslingsstudentar som i 2008.**

Takka vere ein stor auke i talet på innreisande Erasmus/EEA studentar klarte vi å auke talet på utvekslingsstudentar i 2009 til 179. Talet er monaleg høgre fordi nær halvparten av dei utanlandske studentane heldt fram to semester eller meir i Volda. Talet på utreisande studentar har vore nokolunde stabilt, og Avdeling for samfunnsfag og historie (ASH) utmerkar seg særskilt med mange studentar på praksisplass i Kenya og India. Elles er mediestudentane dei mest reiselystne, og utgjer brorparten av studentane på vårt eige Austral-Asiatisk kulturstudium.

Institutt for sosialfag (ISF) vidarefører Fredskorpssamarbeidet med University of Nairobi, MYSA og Merkesteinane, og AMF og ASH har innleia samarbeid via Fredskorpset (FK) om oppbygging og drift av ein radiostasjon i Mathare i Kenya. FK har gitt reisestøtte til prosjektmøte hausten 2009 og våren 2010. Målet er at det skal bli studentutveksling i dette prosjektet i samarbeid med lokalt universitet.

ASH sette hausten 2009 i gang studiet *Introduction to the modern Welfare State* med bra rekruttering av studentar. Det er ei utfordring å auke talet på utreisande Erasmus-studentar.

- **Høgskulen i Volda skal i 2009 utvikle minst 3 nye engelskspråklege kurs på 15 studiepoeng målretta mot utanlandske og eigne studentar.**

Vi kom ikkje heilt i mål. To kurs er utvikla: *The contemporary welfare state* og *World heritage*. Tre kurs er under utvikling.

- **Høgskulen i Volda skal kvalitetssikre avtalar og studieplanar med sikte på å optimalisere tidspunkt og studieinnhald ved utanlandsopphald på internasjonale lærestader.**

Det er ei stor utfordring å få fagmiljøa til å konkretisere kva semester som egner seg til utveksling og også til å tilrå nokre spesielle institusjonar. Det er ønskjeleg med ein auke i lærarutvekslinga for å få betre innsikt i tilboda ved våre partnerinstitusjonar. Vi har revidert om lag halvparten av avtaleporteføljene i 2009. Arbeidet held fram for fullt i 2010, med ein særskilt innsats retta mot dei nye medlemslanda i EU, land i sør og USA.

- **Høgskulen i Volda skal utvikle tettare samarbeid med utvalde utanlandske lærestader med sikte på systematisk samarbeid om profesjonsutdanningar på BA- og MA-nivå.**

AMF har førespurnad frå University "Al. I. Cuza", Iasi i Romania om utvikling av Masterstudium i informasjonsarbeid. AMF samarbeider også med Glamorgan University i Wales innan animasjon med tanke på å utvikle 3D-kompetanse og industriell animasjon, med tett samarbeid med næringslivet. Det er igjen viktig å ha inngåande kjennskap til partnerar som tilbyr profesjonsstudium for å kunne optimalisere studietidspunkt for både utreisande og innreisande studentar.

Vurderingar:

Det blir arbeidd svært godt med internasjonalisering. I 2009 har vi styrka internasjonalt kontor med ei ny stilling slik at det er to heile stillingar ved kontoret. I tillegg har vi ein traineestilling og ein Erasmus praksisstudent ved Internasjonalt kontor/Pangaia. Sistnemnde er eit internasjonalt knutepunkt mellom norske og utanlandske studentar. Det er internasjonale koordinatorar på kvar av avdelingane i 20 % stilling. Vi har framleis mange utfordringar, til dømes:

- Få til meir forpliktande og systematisk samarbeid om profesjonsutdanningane
- Integrere dei faglege tilsette sine internasjonale nettverk og studentmobilitet
- Utvikle fleire emne på engelsk – Stortingsmelding nr 14 (2008-2009)
"Internasjonalisering av utdanning" legg vekt på at norske utdanningsinstitusjonar skal bli meir attraktive for utanlandske studentar
- Støtte og oppmuntre tilsette til å ta opphald i utlandet

- Meir målretta informasjon for studentar som vil ut
- Internasjonalisering heime

Kommentarar:

HVO set av egne satsingsmidlar som stimulans til å utvikle nye studietilbod på engelsk. Budsjettet til internasjonalisering vart styrka i 2009 for å få til fleire fellestiltak. Vi jobbar mot å tilby pakkar på 30 stp til utanlandske studentar, og har som mål å dimensjonere talet på emne i forhold til etterspurnaden, men det er eit langt steg å gå innan vi har fått på plass tilfredsstillande portefølje av engelskspråklege tilbod. Ideelt sett burde vi hatt ein heil bachelor eller master på engelsk.

Nokre utvekslingsstudentar kjem til HVO på ei tutorordning. Denne ordninga fungerer ikkje godt nok.

Styringsparameter	Resultat				Resultat-mål
	2005	2006	2007	2008	2009
Talet på utvekslingsstudentar (ut/innreisande)	Departementet hentar tal frå DBH				200
Talet på framandspråklege studietilbod (15 studiepoeng)	Departementet hentar tal frå DBH				13

Det faktiske resultatet for 2009 er spesifisert i tabellen under tilsvarande verksemdmål i planane for 2010.

Verksemdmål 1.4 (HVO): Høgskulen i Volda skal primært vere ein profesjonshøgskule med profilerte tilbod innan mediefag, sosialfag og lærarutdanning.

Resultatmål:

- **Høgskulen i Volda skal i 2009 vidareføre arbeidet med revisjon av studieplanane til alle profesjonsutdanningane med sikte på klarare målretting, profilering og organisering i forhold til behov i samfunnet og egne behov for konsentrasjon og profilering. Studieplanarbeidet skal gjennomførast i tett samarbeid med praksisfeltet.**

Vi står klar til å arbeide med revisjon av studieplanane for grunnskulelærarutdanningane så snart vi får den nye rammeplanen for differensiert grunnskulelærarutdanning.

Innan førskulelærarutdanning har ein lagt vekt på arbeidet med nye studie- og emneplanar knytt til oppretting av *Arbeidsplassrelatert førskulelærarutdanning, PUB-studiet og Barnehagepedagogikk*. Då førskulelærarutdanninga var under evaluering av NOKUT i 2009, ventar ein på resultatata før ein eventuelt reviderer planane i heiltidsutdanninga.

ASH vurderer innhald, pensum og profilering av utdanningane kontinuerleg. For sosialfag har NOUen om kompetanseutvikling i barnevernet gitt viktige innspel (NOU 2009:8). Vi deler

ambisjonane som der kjem til uttrykk, men med dagens finansieringsfaktorar for desse utdanningane maktar vi ikkje å følgje opp på ein god nok måte – det er m.a. ikkje økonomisk dekning for meir satsing på gruppeundervisning, meir kasusorientert undervisning og tettare oppfølging av praksis.

For å betre kontakten med praksisfeltet har sosialfag årlege samlingar med praksisrettleiarar, og vi har hatt møte med representantar frå KS, BUF-etat, kommunalt barnevern og fylkesmannen om problem og utfordringar i barnevernet. ASH arbeider med eit vidareutdanningsopplegg i barnevern på masternivå og vi har invitert representantar frå praksisfeltet til å vere med i dette arbeidet.

- **Høgskulen i Volda skal vidareutvikle institusjonsavtalar og samarbeid som sikrar tilgang på gode praksisplassar for profesjonsutdanningane. Vi skal ha god kontakt med samfunn/profesjon/næringsliv for å sikre at profesjonsutdanningane fagleg sett er oppdaterte og at innhald og arbeidsmåtar er relevante for seinare profesjonsutøving.**

Lærerutdanningane arbeider kontinuerleg med institusjonsavtalar og samarbeid med praksisskular og barnehagar. Dei har fullført fase 2 av *Prosjekt om utvikling av samarbeidsformer mellom skule-/barnehageeigar* (også kalla *Samarbeidsprosjektet*). Avdeling for humanistiske fag og lærerutdanning (AHL) har søkt om midlar til fase 3. Gjennom *Samarbeidsprosjektet* har ein utvikla og betra aktiviteten mellom HVO og skule- og barnehageeigarar, og skapt ein felles arena for drøfting av erfaringar og synspunkt (i *rektormøtet* og i det nyetablerte *lunsjmøtet* i styrarnettverket for praksisbarnehagane).

Praksisordningane ved ASH er under omlegging, og avdelinga ser føre seg eit tettare samarbeid og sterkare forventningar til høgskulemiljøet om å tilby faglege opplegg for eksterne samarbeidspartnarar.

Både ASH, AKF og AMF er aktive i VRI-prosjektet og alle tre avdelingane har fått stillingsressursar i dette arbeidet. Hausten 2009 er stillingsressursen til AMF auka til 100 % og dette vil bli vidareført våren 2010. Det blir også arbeidd med å finansiere ei professor II stilling for å arbeide med omdømebygging i maritim sektor.

I høve *Arbeidsplassrelatert førskulelærerutdanning* har vi inngått partnerskapsavtalar mellom søkjarane sin arbeidsplass og høgskulen. Målsetjinga er at kvar student har ein lokal/regional koordinator som også er HVO sin næraste samarbeidspart i gjennomføring av studiemodellen frå hausten 2009 til 2013.

- **Høgskulen i Volda skal også ha studietilbod for studentar som vil fordjupe seg i eit fag eller emne, uavhengig av framtidig yrkesval, og vil arbeide med studieadministrative system for å handtere dette.**

Vi har oppretthalde nokre fordjupingsstudium på 200-nivå. Men dei fleste studentar tek ei fagleg fordjuping innanfor bachelorgraden.

- **Førskulelærerutdanninga skal tilby arbeidsplassbaserte utdanningstilbod som deltidsstudium i 2009.**

ABF (no: arbeidsplassrelatert) har fått tildelt 60 studieplassar. Det var om lag 60 studentar som tok til på studiet.

- **Høgskulen i Volda skal vurdere å satse på utvikling av nye faglærerutdanningar, særleg innanfor kulturfaga.**

Avdeling for kulturfag har lansert fleire modellar for ny faglærerutdanning innanfor kulturfaga. Styret ved HVO har sagt at ei satsing på kulturfaga i den nye lærerutdanninga er ønskeleg, men avhengig av ekstraløyvingar frå departementet. Søknad er sendt KD i eige brev og i brev om budsjettframlegg 2011.

Vurderingar:

Det blir arbeid godt med realiseringa av alle resultatmåla under 1.4. Vi har lukkast godt med å utvikle tilgjengelege og fleksible studietilbod som dekkjer behovet for livslang læring. Fleire av profesjonsutdanningane har styrkt samarbeidet med praksisfeltet i løpet av 2009.

Sektormål 2 - forskning

Høgskulane skal oppnå resultat av høg internasjonal kvalitet i forskning, fagleg- og kunstnarleg utviklingsarbeid.

Verksemdmål 2.1 (KD): Høgskulen i Volda skal medverke til profesjonsretta forskning, utviklingsarbeid, kompetanseutvikling, og nyskapande verksemd i regionane.

Resultatmål:

- **Høgskulen i Volda skal vere blant dei fem beste i høgskulegruppa når det gjeld publikasjonspoeng.**

HVO har framleis stor publisering, sjølv om vi hadde ein liten nedgang frå toppåret 2008. For 2009 har vi registert 84,6 poeng mot 87,8 i toppåret 2008. Målet er nådd med god margin. Vi ligg på topp saman med Høgskolen i Lillehammer.

- **Høgskulen i Volda skal auke produksjonen av publikasjonspoeng ved at fleire fagtilsette publiserer.**

Målet er nådd, 11 fleire enn i 2008 har publisert.

- **Høgskulen i Volda skal søke nye profesjonsretta forskingsprosjekt, m.a. finansiert av NFR og regionale aktørar. HVO skal få tilslag på ein ny SHP i 2009.**

ASH fekk ikkje tilslag på SHP-søknaden som vi sende i vår, men vi er - på eit tidleg stadium - i gang med planlegging av nye søknader. Det gjeld *Velferdsprogrammet* og det regionale forskingsfondet.

AHL legg vekt på utviklingsarbeid knytt til nye studietilbod, dette gjeld særleg førskulelærerutdanninga. Ved inngåing av partnarskapsavtalar vil utviklingsarbeid vege tungt.

AMF har fått eit forskarårsverk frå *Fritt Ord* som er nytta i 2009, og det blir arbeidd med vidare finansiering av denne forskarstillinga. Det blir også arbeidd intenst med søknader om prosjekt som kan delvis kompensere for bortfall av SHP-midlar.

- **Høgskulen i Volda skal stimulere tilsette til å delta i internasjonale kompetansenettverk, og knyte til oss internasjonale forskarnettverk gjennom Strategiske høgskuleprogram og andre større profesjonsprosjekt.**

AKF og Seanse hadde med støtte frå Nasjonalt senter for kunst og kultur i opplæringa eit forskingsseminar med internasjonal deltaking på Hurtigruta i april. Med utgangspunkt i dette seminaret er det etablert eit nettverk knytt til fagfeltet *Arts in Education*. Samarbeidet held mellom anna fram med arbeidsseminar i New York i februar 2010. Vidare er det neste år planlagt eit samarbeid om kunst for dei minste gjennomført i Brasil.

AMF arrangerte internasjonal forskarkonferanse om *protestbevegelser* i 2008. Konferansen skaffa våre forskarar innpass i eit stort bokprosjekt og prosjektleiaren var invitert som tilretteleggar for tilsvarande konferanse i Sveits våren 2009. AMF har fått tildelt ansvar for å arrangere *Norsk Medieforskarkonferanse* hausten 2010 med internasjonale innleiarar. Planleggingsarbeidet er i gang.

Tilsette ved ASH er medarrangørar i internasjonale konferansar, gjennomfører forskingsprosjekt/utviklingsarbeid og publiserer i samarbeid med utanlandske forskarar. Fleire er engasjerte i II-ar stillingar ved norske og nordiske universitet og høgskular.

- **Høgskulen i Volda skal starte nytt førstelektorkurs i samarbeid med høgskulane på Vestlandet hausten 2009.**

Det nye førstelektorkurset fekk så stor påmelding at vi har valt å køyre to kurs. Hausten 2009 er det starta eit kurs med deltakarar frå høgskulane i Ålesund, Volda og Sogndal. Våren 2010 startar vi opp med tilsvarande kurs med deltakarar frå Universitetet i Stavanger og Høgskolen i Bergen og Høgskolen Stord/Haugesund. Høgskulen i Volda har det faglege og administrative ansvaret for kursa. Førstelektorkurset vil bli samordna med NAFOL.

Styringsparameter	Resultat				Resultat- mål
	2005	2006	2007	2008	2009
Publikasjonspoeng per undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling	Departementet hentar tal frå DBH				0,4
NFR-tildeling per undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling (1.000 kr)					42
EU-tildeling per undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling					0

Det faktiske resultatet for 2009 er spesifisert i tabellen under tilsvarande verksemdmål i planane for 2010.

Verksemdmål 2.2 (KD): Høgskulen i Volda skal gjennom tildelte stipendiatstillingar syte for god gjennomføring av forskarutdanninga.

Resultatmål:

- **Høgskulen i Volda skal satse på å knyte stipendiatar til program med klare mål, god rettleiing og oppfølging for å betre gjennomstrøyminga.**

Vi har no seks stipendiatar på programmet i fagdidaktikk. AHL har åtte stipendiatar, to av dei er utanfor program/overgripande forskingsprosjekt. Desse har avtale om mentorordning ved HVO. Tre stipendiatar er knytte til skule- eller førskulerelaterte prosjektet ved HVO, ein til eit større skuleforskningsprosjekt ved UiS, og to er med i HVO sitt program for fagdidaktikk.

Alle stipendiatane er tekne opp ved doktorgradsgivande universitet, den siste i juni 2009.

- **Stipendiatprogrammet i fagdidaktikk skal halde fram i 2009.**

Vi har gode erfaringar med dette programmet, og målet er nådd.

- **Eit nytt program i profesjonsforskning skal etablerast i løpet av 2009.**

Det meldte seg færre gode søkjarar enn forventa. Berre ein stipendiat vart tilsett. Vi vurderer ny utlysing for å få fleire inn på programmet.

- **Alle stipendiatar skal følgjast opp med medarbeidarsamtale minst ein gong i året.**

Alle avdelingane rapporterer at det er gjennomført medarbeidarsamtalar med alle stipendiatane i 2009.

Med eit par unntak (sjukdom m.m.) ser det ut til at stipendiatane jamt over har god progresjon innanfor programma og kan rapportere om avlagte studiepoeng/obligatoriske kurs.

AMF rapporterer at det er ei utfordring å følgje opp doktorgradsstipendiatar som har rettleiar ved annan institusjon. Vi bør finne formaliserte former for dialog mellom dekan og rettleiar som sikrar framdrift etter oppsett plan.

- **Høgskulen i Volda skal aktivt samarbeide med andre institusjonar om forskarutdanning, spesielt forskarskular som er retta mot behova i profesjonsfaga.**

Høgskulen i Volda er med i NAFOL (Nasjonal forskerskole for lærerutdanning) som har fått godkjenning frå NFR. Vi har forplikta oss med inntil to stipendiatar og til å bidra med rettleiing m.m. To av AHL sine stipendiatar er tekne opp i NATED. Ein ser elles fram til vidare utvikling på dette feltet innan UH-nett Vest.

ASH sitt samarbeid med *Nordiska högskolan för folkhälsovetenskap* om doktorgradsutdanning er avslutta. Det skuldast omleggingar ved NHV og ikkje endra prioriteringar hos ASH. Som alternativ er det sett i gang arbeid for å etablere eit norsk nettverk rundt psykisk helse/folkehelse. ASH deltek i dette samarbeidet saman med HiH, UiA, HiT og HiB. Nettverket har som mål å etablere ein forskarskule innan dette fagfeltet.

Kommentarar:

Forskningsutvalet skal ein gong i året handsame statusrapport over framdrift og oppfølging vedrørande stipendiatar og andre i doktorgradsløp. Dette er gjennomført i 2009. HVO hadde seks disputasar i 2009.

Vurderingar:

Det blir gjort mykje godt FoU-arbeid ved HVO. Vi er blant dei beste i høgskulegruppa. Men vi har framleis to grunnleggjande utfordringar:

1. Korleis få mest mogleg FoU med høg kvalitet ut av ressursane?
2. Korleis kan vi mest mogleg effektivt heve kompetansen og sikre rekrutteringa når dei fleste professorane våre vert pensjonerte i nær framtid?

Vi trur at nokre av grepa vi gjorde i den nye strategiplanen for FoU tek til å verke. Det første stipendiatprogrammet er oppe og går. Stipendiatane blir følgt betre opp enn før. Vi har også organisert eit støttetiltak for dei stipendiatane som ikkje er knytte til program. Så vil tida vise om gjennomstrøyminga blir betre.

Vi fekk ikkje tilslag på ny SHP i år. Det er fleire grunnar til at det er viktig for HVO å sikre seg fleire SHPar : Dei kan vere viktige bidrag til fagleg rekruttering, byggje gode forskarmiljø og kan byggje bru til internasjonal forskning. Vi må difor prioritere å arbeide fram gode søknadar til neste år.

AMF ser store utfordringar i å oppretthalde forskingsaktiviteten når SHPen *Journalistikk i endring* er slutt hausten 2010. Dette prosjektet har gitt verdfull økonomisk og fagleg stimulans, og vi ser ei utfordring i å vidareføre prosjekt som er initierte i samband med dette prosjektet.

AMF har arbeidd intenst med søknadsskriving og det er inne fem søknader til RAM.

Sektormål 3 - formidling

Høgskulane skal medverke til å spreie og formidle resultat frå forskning, fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid, og medverke til innovasjon og verdiskaping basert på desse resultatata. Vi skal også leggje til rette for at tilsette og studentar kan delta i samfunnsdebatten.

Verksemdmål 3.1 (KD): Høgskulen i Volda skal tilføre samfunnet resultatata frå FoU-verksemda gjennom formidling og deltaking i offentleg debatt.

Resultatmål:

- **Halde fram med å arrangere Forskningsdagane for å synleggjere FoU-verksemda vår.** Desse er gjennomført med god oppslutning på dei fleste arrangementa.

- **Høgskulen i Volda skal halde fram med å gi støtte til dokumentarfilmfestivalen, animasjonsfilmfestivalen, symfoniorkesteret og andre aktivitetar som fremjar omdømme og samfunnskontakt.**

Vi har gitt støtte til alle desse aktivitetane i 2009.

- **Høgskulen i Volda skal gjennom internt poengsystem for FoU stimulere fagtilsette til å drive foredragsverksemd, fagleg og populærvitskapleg formidling og kritisk debatt m.m. om aktuelle samfunnsspørsmål innanfor våre fagområde.**

AHL rapporterer at fleire fagtilsette er svært aktive i lokale og regionale media i debattar om profesjonsutdanning, særleg lærar- og førskulelærerutdanning. Andre, t.d. naturfag, får fram satsingar på faget knytt til etter- og vidareutdanning. Innan språk, kultur og litteratur er det også auka aktivitet.

AKF har hatt om lag ei dobling av produksjonen av interne FoU-poeng dei siste to åra. Mykje av produksjonen er knytt til kunstnarlege prestasjonar. Sett frå avdelinga si side er det sterkt å beklage at slik produksjon ikkje gir eksterne poeng og såleis inntekter til HVO.

ASH har m.a. desse tiltaka:

- samarbeid med FO (fellesorganisasjonen for sosialarbeidarar) og offentlege etatar om fagdagar i sosialfag
 - mastersamling for kandidatar i planlegging og leiing under forskingsdagane
 - andre bidrag til forskingsdagane
 - deltaking (med innleiarar) på faglege konferansar knytt til NAV
 - samarbeid med Kompetansesenteret for pasientinformasjon om pårørandearbeid i psykiatrien
 - faglege presentasjonar for frivillige organisasjonar og foreiningar
 - deltaking i offentleg debatt (avisinnlegg, foredrag)
- **Høgskulen i Volda skal arrangere konferansar og seminar om m.a. barnehagen, rekruttering til velferdsstatens yrker i samarbeid med regionale aktørar og samarbeide med Fritt Ord om forskning og seminar.**

AKF har arrangert fleire konferansar og seminar dette året, særleg i samarbeid med Seanse. 19. og 20. februar hadde avdelinga konferanse om kunstfag som meinings- og meistringsfremjande verkemiddel for menneske med særskilde behov; Kunstfag på livet laust. Den 23. januar hadde AKF ein heil dag med prof. Anne Bamford, University of the Arts London som inkluderte føredrag på HVO for alle interesserte med tittelen *The Impact of Arts in Education?*

Institutt for realfag arrangerte i september 2009 den nasjonale konferansen *Matematisk kompetanse gjennom FoU*. Institutt for pedagogikk arrangerte fagkonferansen *Spesialpedagogen si rolle i ein inkluderande skule og barnehage* i oktober 2009. Institutt for religion, livssyn og kyrkjefag arrangerte i oktober 2009 seminaret *Religionsdialog i klasserommet*. Førskulelærerutdanninga har vore medarrangør med fylket og barnehageeigarar om ein rekrutteringskonferanse i september 2009, ein konferanse knytt til Barnehageløftet i oktober 2009. Høgskulen i Volda har i samarbeid med Møre og Romsdal fylke og

Utdanningsforbundet arrangert *Barnehagekonferansen*. I 2009 vart forskingsarbeid frå NOVA og fem ulike høgskular/universitet delt med barnehagepersonalet. Eitt av bidraga er frå MAFAL-prosjektet til HVO.

AKF har arbeidd med utvikling av formidlingstilbod til barn i overgangen mellom barnehage og skule gjennom prosjekta *Les for meg!* og *Høyr og sjå!*. Prosjekta er støtta av Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa og VRI-kultur.

AMF har arrangert ei todagarssamling for norske journalistlærarar (våren 2009) og ei todagarssamling for spelforskarar, JoinGame (hausten 2009). Avdelinga samarbeider også aktivt med Volda Filmteater om fagleg innhald i samband med framsyning av filmar med relevans for avdelinga og høgskulen sitt fagområde. I samarbeid med fylket/fylkesmannen har ASH arrangert regional konferanse om omsorgsarbeid.

- **Høgskulen i Volda legg opp til nettbaserte tenester for forskingsformidling. Gjennom nye nettsider vil ein fokusere på framstilling av sentrale forskingsprosjekt, faglege ressursar og publikasjonar.**

I samband med tildelte studieplassar i vidareutdanninga for lærarar i Kunst og handverk har AKF utvikla eigne nettsider med oppfølging av studentane som tek del i opplegget. Her har vi nytta erfaringane frå dei nettbaserte tilboda i DKL (Digital kompetanse i læring). I samband med verdsarvstudiet (World heritage of the Geiranger fjord) har AMF og AKF utvikla *World Heritage Experience blog - Student contributions during the trip*, som presenterer eit unikt biletmateriale frå verdsarvområdet og refleksjonar knytte til opplevingar her.

- **Høgskulen i Volda sitt interne poengsystem for FoU skal vidareutviklast for å syne formidling som eigen hovudaktivitet. Produksjonen av formidlingspoeng skal vere større i 2009 enn i 2008.**

Denne statistikken ligg ikkje føre enno.

- **Høgskulen i Volda skal arrangere fagkonferansar og seminar med utspring i forskingsverksemda innanfor dei sentrale fagområda våre i samarbeid med regionale, nasjonale og internasjonale aktørar.**

AMF er i gang med arbeidet for å arrangere *Norsk medieforskarkonferanse* og avslutningskonferansen for SHP *Journalistikk i endring* hausten 2010.

Verksemdmål 3.2 (KD): Høgskulen i Volda skal medverke til samfunns- og næringsutvikling gjennom innovasjon og verdiskaping.

Resultatmål:

- **Høgskulen i Volda skal auke den eksternt finansierte verksemda i 2009.**

Rekneskapstala syner at eksternt finansierte inntekter auka med meir enn 6 mill kroner i 2009.

Vi har i 2009 auka innsatsen til den tverrfaglege *Vurderingsgruppa* som gjennomfører avtalebaserte etterutdanningskurs på skulane i regionen (sjå også verksemdmål 3.3). I

samarbeid med UH-nett Vest har HVO fått insentivmidlar knytt til forskning på korleis elevvurdering er nedfelt i utdanningane.

Vi opplever at interessa frå det regionale næringslivet er aukande og dette er ei erkjenning av at dei har behov for kompetanse utover det som rettar seg inn mot produksjonslina. Emne som språk, kulturforståing, kommunikasjon, leiing og etikk blir vektlagt. Der meiner vi at vi har god kompetanse. Vi ser her eit potensiale for å kunne tilby og utvikle kurs og studium i dialog med næringslivet i regionen. Eit døme er *Business-engelsk*, eit kursopplegg som vi har utvikla og selt til Ulstein-gruppa. Kurset er ein pilot og dersom det fell heldig ut, ser vi eit stort potensiale i regionen. Prosjektet *Klimaplan* ved ASH blei gjennomført med støtte frå kommunar og næringsliv.

- **Høgskulen i Volda skal arbeide vidare med å sikre etablering av eit senter for kulturproduksjon i Volda kopla til Den kulturelle skulesekken, og med nye løyvingar i 2009 frå ansvarlege nasjonale aktørar.**

Seanse, senter for kunstproduksjon, er eit partnerskap mellom HVO og Møre og Romsdal fylke. Seanse har dei to siste åra hatt støtte frå Norsk kulturråd og Nasjonalt senter for kunst og kultur i opplæringa. I september 2009 fekk Seanse også 500 000 kr i støtte frå KD, men fast finansiering er enno ikkje sikra.

- **Høgskulen i Volda skal utvikle nyskapande studietilbod i samarbeid med og for regionen, innan leiing, kultur og etablerarkunnskap.**

AMF er i dialog med ei interessegruppe i Sunndal om å etablere ein web-basert TV kanal, ILM-TV, på arabisk og eventuelt somalisk. AMF kan bidra med teknisk og redaksjonell kompetanse. Dette er ei interessant vidareutvikling av vår streamingteknologi og e-læringssystem. Avdelinga har vidareutvikla det samlingsbaserte emnet *Deskskriptor* til nettstudium – første emne er gjennomført hausten 2009 og vil bli arrangert på nytt våren 2010. ASH har vidareutdanning i leiing for rektorar, gjennomført som utviklingsprosjekt i samarbeid med fleire kommunar i regionen.

- **Høgskulen i Volda vil arrangere nyskapingseminar og følgje opp nye forretningsidéar baserte på forskning og nyskapande studentarbeid.**

Utvikling av eit studium i kortfilmproduksjon (*From Script to Screen*) vil vere ei oppfølging av initiativet med eiga avdeling av Vestnorsk filmsenter i Volda og etablering av ein kulturnæringshage.

NorDubb er etablert i Volda, HVO har leigd ut lydstudio og det er laga nynorskversjonar av 26 episodar med animasjonsfilmar for NRK Super. Ny kontrakt er sikra for 52 nye episodar og HVO har innreidd eit eige studio til dette formålet, noko som gir oss eksterne inntekter frå industriell produksjon.

AMF har medverka sterkt til at Vestnorsk filmsenter har etablert filial i Volda. Senteret vart opna 17. september 2009 med prosjektleiar tilsett i 50 % stilling. HVO er også sterkt involvert i

etablering av kulturnæringshage i Volda. Denne skal samlokalisert med filmsenteret og også huse andre kulturproduserande firma.

- **Høgskulen i Volda skal aktivt medverke til nyskaping i regionen gjennom utvikling av nye etter- og vidareutdanningstilbod.**

Nye studietilbod er *PUB-studiet* (Pedagogisk utviklingsarbeid i barnehagen) for førskulelærarar, og *Barnehagepedagogikk* for andre pedagogar som ønskjer å bli førskulelærarar. Kunnskapsdepartementet har motivert for igangsetjing av desse studietilboda grunna behovet for å behalde førskulelærarar i barnehagane i Møre og Romsdal. Kommunale og private barnehageeigarar er representert i teamet saman med mellom anna Utdanningsavdelinga og HVO. AHL har i samarbeid med HSH sett i gang vidareutdanninga *Leseløft for barnetrinnet* og i samarbeid med HSF vidareutdanninga *Mentorutdanning*.

ASH planlegg nye studietilbod:

- *Klimaplan*, som bygg på erfaringane frå klimaplanprosjektet
- vidareutdanning/masteremne i barnevern
- vurderer oppfølging (del II) av *Miljøterapi i demensomsorg*

Styringsparameter	Resultat				Resultat-mål
	2005	2006	2007	2008	2009
Omfang av bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet (BOA)	Departementet hentar tal frå DBH				12 500

Det faktiske resultatet for 2009 er spesifisert i tabellen under tilsvarande verksemdmål i planane for 2010.

Verksemdmål 3.3 (HVO): Høgskulen i Volda skal vere ein aktiv samarbeidspart for kommunane i gjennomføringa av reformene i barnehage og skule (Barnehageløftet og Kompetanse for kvalitet).

HVO ser gevinsten av å slå saman bygging av rettleingskompetanse for øvingslærarar samtidig med den nasjonale satsinga på rettleiing av nyutdanna førskulelærarar. Vi vil arbeide vidare med å utvikle ein modell som gir synergjar av ei felles satsing på mentoring til barnehagane i fylket i samsvar med St.meld.nr.41, Kvalitet i barnehagen sine satsingar på rettleiing.

Høgskulen i Volda skal gjennomføre to fagdagar: 1. *Menn i barnehagen*. Denne vert arrangert saman med Rekrutteringsteamet for likestilling i grunnutdanning og barnehagar i Møre og Romsdal. 2. *Kvalitetsutvikling av barnehagen gjennom bruk av observasjon og praksisforteljingar som pedagogisk dokumentasjon*. Planane er under gjennomføring våren 2010.

Høgskulen i Volda har gjort opptak til arbeidsplassrelatert førskulelærerutdanning (ABF) over fire år. Studiet vil opne vegen til førskulelærerutdanning for assistentar og andre som alt

arbeider i barnehagane. Høgskulen i Volda og åtte andre høgskular har denne hausten sett i gang ABF, og studiet er ein del av rekrutteringssatsinga for å få fleire førskulelærarar til barnehagane i Noreg. Per dato deltek 58 studentar på studiet som er desentralisert til Ålesund og Molde.

- **Høgskulen i Volda skal gjennomføre oppdraget knytt til utviklingsarbeid i barnehagen for kommunane på Søre Sunnmøre.**

Høgskulen i Volda har gjennomført oppdraget knytt til utviklingsarbeid i barnehagen for kommunane på Søre Sunnmøre. Prosjektet *Vi kan saman* vart avslutta i oktober 2009 med over 700 deltakarar. Med utgangspunkt i Kunnskapsdepartementet sin Strategi for kompetanseutvikling i barnehagesektoren 2007-2010 (Barnehageløftet) har Høgskulen i Volda og kursregionen på Søre Sunnmøre det siste året hatt eit samarbeid om lokalt utviklingsarbeid. Barnehagenettverket har nytta seg av tilbod som HVO har lyst ut, og dei har utfordra høgskulen til å utvikle nye tilbod. Høgskulen i Volda sine tilsette har halde førelesingar og gitt rettleiing til barnehagepersonalet undervegs i prosessen. Det har utvikla eit fruktbart samarbeid for alle partar innanfor tema: Lærerik leik, Språk og språkutvikling, Mat og rørsle, IKT og medverknad.

- **Høgskulen i Volda skal utvikle eit nytt vidareutdanningstilbod for førskulelærarar på til saman 30 studiepoeng innan språkmiljø og språkutvikling.**

AHL har utarbeidd studietilbodet *Pedagogisk utviklingsarbeid i barnehagen* (PUB) med vekt på språk og språkstimulering. HVO har fått 25 deltids plassar. Studiet tok til i november 2009 med 14 deltakarar. Dette studiet er også kome inn i basisløyvinga som fast tilbod.

Vi fekk 15 studie plassar innan *Barnehagepedagogikk*. Studietilbodet er utvikla i samarbeid med fleire andre institusjonar og tok til hausten 2009 (nettstøtta). Studiet tok til med 21 deltakarar.

- **Høgskulen i Volda skal gjennomføre etterutdanning for barnehagetilsette innan språkleg og kulturelt mangfald i barnehagen.**

Ikkje sett i gang, men det som vart arbeidd fram internt ved fleire fagmiljø ved HVO skal byggast inn i PUB-studiet som har *Kommunikasjon, språk og tekst* som fagprofil.

Vi har gjort avtalar med ca 10 kommunar om eit oppdrag i samarbeid med *Nasjonalt senter for fleirkulturell oppvekst* (NAFO) og Møre og Romsdal fylke som gjeld kompetanseutvikling innan språkleg og kulturelt mangfald. Merksemda frå hausten 2009 er i større grad knytt til kompetansebygging for barnehageeigar.

- **Høgskulen i Volda skal tilby eit nytt vidareutdanningstilbod på til saman 30 stp for leiarar i barnehagen innan organisasjon og leiing.**

Det blir arbeidd med modulbygd leiarutdanning i det Regionale rekrutteringsteamet, men det kom ikkje i gang i 2009. Barnehagane har utfordra høgskulen til å vere på leit etter ein ny modell der ein mellom anna tek inn komponentar frå PUB-studiet og vektlegg prosjektleiingskompetanse.

- **Høgskulen i Volda skal arbeide for å få tildelt studieplassar til prioriterte vidareutdanningar for lærarar, i samband med vidareføring av Kompetanse for kvalitet.**

HVO har fått tildelt følgjande studium i den nye satsinga Kompetanse for kvalitet – eit varig system for kompetanseheving av lærarar:

- Norsk 2 (30 stp) – 20 studieplassar
- Leseopplæring (60 stp) – 20 studieplassar (samarbeid med Høgskolen i Stord/Haugesund)
- Kunst og handverk (60 stp) – 20 studieplassar

Vi har utarbeidd og sett i gang *Leseløft for barnetrinnet og Lese- og skriveopplæring for ungdomstrinnet*. Desse er nettstøtta.

Tilbodet i kunst og handverk har ført til eit godt fagleg samarbeid mellom Høgskulen i Volda, Høgskolen i Telemark og Høgskolen i Oslo. Samarbeidet byggjer på utvikling av studieprogram og utvikling av nye elektroniske undervisningsformer innanfor dei praktisk-estetiske faga.

- **Høgskulen i Volda skal vidareføre vidareutdanninga for kommunane innan naturfag (Naturfag med mål og meining).**

Dette er gjennomført. Avsluttande eksamen for studiet er i januar/februar 2010. HVO har gjennomført ei ekstern evaluering av tiltaket.

- **Høgskulen i Volda skal gjennomføre vidareutdanningstilbodet for lærarar i Romsdalsregionen innan matematikk, til saman 30 stp.**

Dette er gjennomført. Eksamen vart halde i mai/juni 2009 med gode faglege resultat.

- **Høgskulen i Volda skal gjennomføre etterutdanning og rettleiing innan elevvurdering.**

Høgskulen i Volda er sett opp som eitt av ti kompetansmiljø i landet som skal ha ansvar for etterutdanning i elevvurdering. Per i dag har vi avtalar med: Sula (oppstart august 2009), Molde, Rauma og Vestnes (oppstart våren 2009). Sykkylven, Haram og Ørsta vil gjerne teikne ny avtale med oss. I tillegg er det gjort avtale med dei vidaregåande skulane i Møre og Romsdal, og det er første gong HVO gjer slike avtalar inn mot dei vidaregåande skulane. Det er tydeleg at satsinga vår på elevvurdering blir lagt merke til – avgrensande faktor er tilgang på faglege ressursar.

Den tverrfaglege *Vurderingsgruppa* har halde fram med internskulering ved HVO og gir eksterne kurs for lærarar, særleg i nordre delar av regionen. Fleire kurs er gjennomført både vår og haust 2009.

Vi har for tida desse avtalane hausten 2009:

- Naturfag med mål og meining – Sjustjerna (5 semester)
- Naturfag med mål og meining – Nordre Sunnmøre Kompetanse Region (5 semester)
- Eit løft for engelsk – Kunnskapsnett Romsdal/Nettverk Nordmøre (5 semester)
- Skuleutvikling – Haram (2 semester)
- Elevvurdering/Skuleleiing – Molde/Rauma/Vestnes (4 semester)

- Skuleleiing 15 studiepoeng – kommunane Molde/Rauma/Vestnes (2 semester)
 - Elevvurdering – Sykkylven (2 semester)
 - Elevvurdering – Sula (2 semester)
 - Elevvurdering – vidaregåande skular i Møre og Romsdal (2 semester)
- **Høgskulen skal gjennomføre etter- og vidareutdanning for lærarar på til saman 30 studiepoeng innan engelsk.**

Institutt for språk og litteratur, seksjon for engelsk, gjennomfører *Eit løft for engelsk: Språk, kultur, didaktikk 1*. Kurset har nær 80 deltakarar (kombinert etter- og vidareutdanning) og vil bli avslutta vår/haust 2010.

- **Høgskulen i Volda skal utvikle eit nytt vidareutdanningstilbod for skuleleiarar (rektorskulen).**

HVO yter fagleg bistand til Rektorskolen gjennom UH-nett Vest-samarbeidet. ASH har også ei eiga utdanning i skuleleiing på mastergradsnivå. Denne held fram som før og har rimeleg god rekruttering, trass i at studentane ikkje får økonomisk støtte frå den ordninga utdanningsdirektoratet administrerer. ASH har også eit samarbeid med NTNU og fagmiljøa vidare nordover om leiaropplæring for skulen.

Kommentarar:

HVO har i dag fleire avtalar med kommunar om deltaking i skuleutviklingsprosessar – dette er etterutdanning og vil ikkje kunne finansierast med statlege midlar som før. Denne aktiviteten vil truleg falle bort. Derimot ser vi at staten tilbyr etterutdanning til skular som har dårlege resultat på nasjonale prøver – t.d. fekk utvalte kompetansemiljø i oppdrag å gi kurs i leseopplæring. Truleg vil vi sjå meir av slike satsingar innan prioriterte fag og her må HVO markere seg.

Rammevilkåra for etter- og vidareutdanning er endra med den nye satsinga *Kompetanse for kvalitet*. Tildeling av fag som vi kan tilby er sentralisert og gjer at vi ikkje lenger står fritt til å tilby faga som før – dette uavhengig av regionale behov. Finansiering av vidareutdanning av lærarar føreset at læraren blir frikjøpt frå arbeid, noko som gjer ordninga kostbar. Ressursane går i hovudsak til frikjøp, og resultatet er at langt færre får tilbod om vidareutdanning og det blir ikkje midlar til etterutdanning. Ordninga har svekka banda mellom fagmiljøa i lærarutdanninga og praksisfeltet. Desse utfordringane vil vi målbera i møte med sentrale styremakter.

HVO har hatt ein sterk auke i den eksternt finansierte verksemda i fleire år. Frå 2008 til 2009 auka inntektene med over 6 mill kroner (inkludert inntekter frå studieavgifter, NFR-midlar og EU-midlar). Blant verkemidla for å stimulere til auka eksternt finansierte inntekter er inntektskrav til avdelingane, eigen EVU-koordinator på kvar avdeling og eit EVU-utval med medlemmer frå alle avdelingane. Vi har også stimulert slik verksemd gjennom tildeling av strategiske midlar.

Verksemdmål 3.4 (HVO): Høgskulen i Volda skal vidareutvikle utdanningstilbod i samarbeid med regionale og nasjonale aktørar.

Resultatmål:

- **Høgskulen i Volda skal ha tett samarbeid med Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa, Nasjonalt senter for fleirkulturell oppvekst og Nynorsk kultursenter.**

HVO er vertsinstitusjon for Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa, og vi har samarbeid på ulike nivå og på fleire område. Vi vil spesielt trekkje fram eit samarbeid gjennom prosjektet *Høyr og sjå!* der mediemiljøet vårt produserer videoar og nettsider for senteret.

HVO har samarbeid med Nasjonalt senter for fleirkulturell oppvekst om to ulike prosjekt.

Nynorsk kultursentrum og Ivar Aasen-instituttet ved HVO har både fagleg, undervisningsmessig og administrativt samarbeid. I 2009 vart det i fellesskap arrangert eit Djupedal-seminar, og det er meininga at eit slikt seminar skal haldast annankvart år. Nynorsk kultursentrum har også delteke i utviklinga av eit nytt forskingsprosjekt ved Ivar Aasen-instituttet.

- **Høgskulen i Volda skal utvikle nye studietilbod som gjer utdanningane tilgjengelege og fleksible for alle, uavhengig av bustad og livssituasjon.**

Førskulelærerutdanninga har i utviklinga av PUB-studiet og Arbeidsplassrelatert førskulelærerutdanning arbeidd for å leggje samlingar i både Romsdal og på Nordmøre for å gjere utdanningane meir tilgjengelege for alle i fylket, som t.d. personar med omsorg for små barn.

- **I samarbeid med regionen, næringsliv og kommunar skal Høgskulen i Volda utvikle eit moduloppbygd studietilbod innan krisehandtering.**

AMF rapporterer at VRI-maritim sektor er ein god innfallspport for AMF sine studietilbod. Det er god dialog med bransjen om emne som omdømebygging og krisekommunikasjon. Her har vi eit potensiale til å vidareutvikle prosjekt som har fungert godt i samarbeid med politi og andre offentlege og private organisasjonar. Forprosjektet, *Den maritime klynga i media*, er starta opp i VRI-regi i rapporteringsåret, og vil bli vidareført i 2010.

- **Høgskulen i Volda skal samarbeide med andre høgskular på Vestlandet om masterutdanning i helse- og sosialfag.**

Det er etablert samarbeid med Høgskolen i Stord/Haugesund om ei slik masterutdanning. Det er stor interesse for studiet som kom i gang hausten 2009 med nesten 50 studentar.

- **Høgskulen i Volda skal arbeide for å auke oppdragsverksemd og annan eksternt finansiert verksemd.**

Sjå verksemdmål 3.2.

- **Høgskulen skal gjere førelesingar og anna læringsstoff tilgjengeleg i god kvalitet for studentar via internett, og vidareutvikle produksjons- og distribusjonsformer for dette.**

AKF har gjort eit viktig utviklingsarbeid i samarbeid med *Norsk nettskole* knytt til emnet *Digital kompetanse i læring*. Vidare har avdelinga utvikla eit godt tilbod i samband med IKT i barnehagen der det vert nytta både nettleksjonar og videoforidling. Seksjon for idrett og

friluftsliv har vore med på å utvikle og organisere eit sikkerheitskurs for *Svalbard reiseliv* i samarbeid med UNIS og Høgskolen i Finnmark med midlar frå Justisdepartementet og Miljøverndepartementet.

AMF har brukt mykje ressursar på å utvikle streamingteknologi for e-læring, med høg kvalitet. Den tekniske løysinga bygger på system utvikla for enkel avvikling av nyheitssendingar for fjernsyn. HVO sentralt har finansiert teknisk utstyr og AMF har i 2009 fått strategiske midlar til delvis dekking av personalkostnader. Systemet er i bruk for nettstudentar ved Historisk institutt og AMF har i 2009 tatt systemet i bruk for betalingsstudiet *Desktypograf*. Dette emnet starta som samlingsbasert betalingsstudium i 2008 for to Oslo-aviser. Emnet er vidareført i 2009. Halve kurset blir avvikla samlingsbasert i Oslo, medan den andre halvdelan blir avvikla frå Volda i sanntid med tovegskommunikasjon ved hjelp av nemnde streamingteknologi. Tilbakemeldingane så langt viser at opplegget fungerer som planlagt, og nytt kurs startar vinter 2010.

AMF har fått strategiske midlar til å utvikle betalingsemne i *Undersøkande journalistikk*. Emnet er utvikla, og vi er ein av to tilbydarar som har fått beskjed om oppstart frå utbydar.

ASH har lenge hatt undervisningstilbod på nett i samarbeid med t.d. Studiesenteret og prøver ut utstyr for formidling av forelesingar/deltaking på seminar via nett.

Sektormål 4 - organisering

Høgskulane skal organisere og drive verksemda på ein slik måte at vi tek best mogleg vare på samfunnsoppdraget innanfor ramma av dei disponible ressursane.

Verksemdmål 4.1 (KD): Høgskulen i Volda skal sikre ei god og effektiv forvaltning av ressursane.

Resultatmål:

- **Høgskulen i Volda skal styrke det interne informasjonsarbeidet knytt til økonomistyringsordningane våre.**

Økonomikontoret har laga eit informasjonsopplegg og har starta informasjonsrunde.

- **Høgskulen i Volda skal arbeide for auka intern kunnskap om forvaltningssystem og organisasjon.**

Leiinga har jamlege seminar med institutt- og seksjonsleiarar om ulike tema knytt til organisasjon og forvaltningssystem. Leiinga har også starta med nyttilsettseminar der organisasjon og ulike forvaltningssystem er tema.

Sjå også omtale under verksemdmål 4.3.

Verksemdmål 4.2 (KD): Høgskulen i Volda skal gjennom eigen personalpolitikk medverke til eit høgt kompetansenivå, eit godt arbeidsmiljø og eit mindre kjønnsdelt arbeidsliv.

Resultatmål:

- **Høgskulen i Volda skal arbeide med avdelingsvise kompetanse- og rekrutteringsplanar for dei tilsette på grunnlag av medarbeidersamtalane.**

Som del av strategiplanen for FoU er avdelingane i gang med å lage slike kompetanseutviklings- og rekrutteringsplanar. Avdelingane rapporterer at erfaringar frå medarbeidersamtalane tyder på at mange av dei tilsette har planar om kompetanseheving. Mange er også komne i gang med kompetanseutvikling gjennom tilknytning til kompetansefremjande prosjekt (t.d. KIO, NYMY, SHP o.l.), andre deltek på vårt eige førstelektorkurs. Nokre er tekne opp på PhD- eller førstelektorprogram ved sentrale lærestader. Dei tilsette blir oppfordra til å nytte FoU-ressursar til kompetanseheving, og institutta blir oppfordra til å ta omsyn til dette når arbeidsplanane blir lagt.

- **Høgskulen i Volda skal gje støtte til kompetanseheving for administrativt tilsette.**

Det var sett av kr 250.000 på budsjettet for 2009 til dette føremålet. Som året før har fleire tilsette fått støtte til relevant vidareutdanning som gjev studiepoeng. Andre har fått støtte til kortare kurs. Det blir arbeidd med eit kurs i engelsk som skal vere eit tilbod til alle administrativt tilsette.

- **Høgskulen i Volda skal fastsetje etiske retningslinjer i 2009.**

Retningslinjer er vedtekne i styremøte i september 2009.

- **Høgskulen i Volda skal arrangere samling for nytilsette.**

Samlinga er gjennomført i oktober. Erfaringa er at vi bør ha dette tiltaket tidlegare i semesteret.

- **Delen førstestillingar av totalt tal undervisnings-, forskar- og formidlingsstillingar skal auke til over 40 %.**

Dette målet har vi ikkje nådd. Ei forklaring kan vere at vi har rekruttert inn folk utan førstekompetanse i ein del midlertidige stillingar. I tillegg er stipendiatstillingane med i grunnlaget. Vi har hatt ein god auke i talet på stipendiatar i 2009.

- **Delen kvinner av tilsette med førstekompetanse skal auke til 30 %.**

Tala viser at vi hadde ein auke på 5.5 % frå året før til 27.7 %. Målet er ikkje nådd, men vi er på god veg.

- **Høgskulen i Volda skal i samarbeid med Vestnorsk nettverk arrangere eit nytt førstelektorkurs hausten 2009.**

Sjå verksemdmål 2.1.

- **Høgskulen i Volda skal prøve å finne årsaker til at sjukefråværet for kvinner er så mykje høgare enn for menn.**

Dette målet vil vi ikkje nå.

- **Høgskulen i Volda skal delta i eit program for å auke rekrutteringa av menn til førskulelærerutdanninga.**

HVO sitt informasjonskontor samarbeidde i 2009 med fylket og med rekrutteringsteamet i Møre og Romsdal om ein rekrutteringskampanje for førskulelærerutdanning. Teamet var forankra i Kunnskapsdepartementet sin *Strategi for rekruttering av førskulelærere til barnehagen 2007-2011* og *Handlingsplan for likestilling i barnehage og grunnsopplæring*. Ein del av målsettinga var å rekruttere fleire mannlege søkjarar. Resultatet var ein stor auke i talet på mannlege søkjarar, og prosentdelen av dei opptekne auka frå 7 til 20.

Kommentarar:

I det vesentlege har Høgskulen i Volda sjølv "utdanna" tilsette i topp- og mellomgruppestillingar. Dette må vi også rekne med i framtida. Vi har difor sett i gang forskingsprogramma for stipendiatar og førstelektorkurset. På tilsvarande vis kan det bli aktuelt å lage eit eige "dosentprogram", spesielt dersom krava til dosentstillingar knytt til profesjonsutdanningane blir klarare.

Styringsparameter	Resultat				Resultat-mål
	2005	2006	2007	2008	2009
Del førstestillingar av totale undervisnings-, forskar- og formidlingsstillingar	Departementet hentar tal frå DBH				40 %
Del kvinner med førstekompetanse					30 %

Det faktiske resultatet for 2009 er spesifisert i tabellen under tilsvarande verksemdmål i planane for 2010.

Verksemdmål 4.3 (KD): Høgskulen i Volda skal halde på den høge kvaliteten i økonomiforvaltninga. Vi skal ta omsyn til god intern kontroll og ei effektiv ressursforvaltning i dei strategiske prioriteringane våre.

Resultatmål:

- **I samarbeid mellom avdelingane og fellesadministrasjonen skal det lagast system for å analysere ressursbruken på utvalte område.**

I samarbeid mellom KEV og økonomikontoret er planlegginga i gang. I første fase er målet å lage gode malar for økonomien i nye studietilbod. Her kom vi ikkje i mål i 2009.

- **Nye tiltak skal ikkje setjast i verk før det er lagt fram eit godt dokumentert budsjett.** Sjå førre punkt.

- **Med bakgrunn i den vedtekne innkjøpsstrategien skal vi lage interne rutinar og drive informasjons- og opplæringsarbeid knytt til:**

- regelverka for innkjøp
- dei nye elektroniske innkjøpsprosessane

Dette er på plass, og all informasjon ligg tilgjengeleg på dei interne nettsidene til HVO.

- **Høgskulen i Volda skal forbetre dei interne rutinane for prosjektgjennomføring og projektrapportering.**

Vi har starta planleggingsarbeidet. Vi vurderte å gå til innkjøp av eit prosjektstyringsverktøy som UNINETT har forhandla fram for sektoren, men dette har vi gått bort frå. Vi har konkludert med at dette systemet vert altfor stort, for kostbart og unødige komplisert for vår organisasjon.

Vi har laga gode prosjektmalar for spørjefunksjonen i AGRESSO, og vi har utarbeidd ein rapporteringsmal i Excel som er tilpassa dei ulike prosjekttypene våre. Problemet er at det vert mykje manuelt arbeid. Vi har derfor vore på kurs for å lære oss å ta i bruk Excelerator-funksjonen som vi har fått tilgang til som del av den nye versjonen av AGRESSO. Siktemålet er å få til meir effektive rutinar og betre rapporteringar. Dette er eit arbeid som vi må ta igjen i 2010.

- **Høgskulen i Volda vil også i 2009 leggje vekt på at føresegner og regelverk vert etterlevde.**

Dette har vi alltid gjort, også i 2009. Omstillingskrava både knytt til innføring av nye system og endra regelverk, vert ei stadig større utfordring for oss.

- **Avsetningsnivået ved Høgskulen i Volda skal reduserast.**

Avsetningsnivået i 2009 vart ikkje redusert slik vi budsjetterte med ved inngangen til året. Vi budsjetterte opphavleg med eit underskot på 8,2 mill kroner. Det faktiske rekneskapsmessige underskotet vart kr 1.158.000, men når vi tek omsyn til den rekneskapstekniske omlegginga der avsetningane frå bidragsfinansiert verksemd ikkje lenger skal vere med i avrekninga, er resultatet eit overskot på kr 636.000. Grunngevinga for at vi kom så mykje betre ut enn opphavleg budsjettert er mellom anna:

- stram økonomistyring – vi hadde budsjettert med bruk av avsetningsmidlar under ordinær drift på kr 7.669.000 – resultatet vart kr 3.797.000, ein del er forskyving av aktivitet
- eit moderat lønnsoppgjer i 2009
- ekstraløyvingar gjennom revidert nasjonalbudsjett 2009 (forskyving av aktivitet)
- auke i avsetningar for øyremerkte midlar til Nynorsksenteret (ekstra prosjektmidlar)
- auke i avsetningsnivået for investeringar

Styringsparameter	Resultat				Resultat- mål
	2005	2006	2007	2008	2009
Resultat oppdragsaktivitet	Departementet hentar tal frå DBH				700
Opptente inntekter BOA inkludert NFR - midlar og studieavgifter	10 107	11 434	16 096	21 066	21 000
Likviditetsgrad (omløpsmidler/kortsiktig gjeld)	1,51	1,78	1,67	1,71	1,50
Avrekningar	9 960	9 276	5 372	-700	-8 200

Det faktiske resultatet for 2009 er spesifisert i tabellen under tilsvarende verksemdsmål i planane for 2010.

Vurderingar:

Eit mogleg trugsmål mot effektiv ressursforvaltning kan vere at vi utviklar nye studietilbod utan å vurdere ressursbruk og finansiering. Eit viktig tiltak i 2009 har difor vore å kvalitetssikre budsjettering og finansiering av nye tilbod.

Økonomistyringsordningar

Ved dei økonomistyringsordningane vi har innført ved HVO, er eit av dei viktigaste måla at vi skal stimulere til gjennomtenkt ressursbruk. Resultatet av aktiviteten vår viser at vi har lukkast godt, vi kan vise til gode resultat både når det gjeld undervisning, forskning, vidareutdanning, etterutdanning og annan ekstern aktivitet.

Tiltaka knytt til økonomistyring ved HVO kan vi oppsummere slik:

- ***Intern budsjettfordelingsmodell***

Modellen synleggjer dei største utfordringane våre, og viktige målsetjingar for dette arbeidet har vore

- å sikre at vi får samsvar mellom korleis vi blir finansierte og den interne ressursdisponeringa
- å gje avdelingane vilkår for god planlegging og ressursdisponering i ein desentralisert struktur. Vi ser det som viktig at vi stimulerer til at dei legg større vekt på dei prinsipielle enn på dei spesielle og kortsiktige løysingane
- å gje styret og leiinga vilkår for å styre på eit overordna nivå

Eit viktig tiltak for strategiske val i økonomiske prioriteringar er at vi i modellen set av midlar som vi fordeler til det som styret vurderer som strategisk viktige område (skjønnsmidlar), vi set kvart år av midlar til større satsingstiltak, og i tillegg set vi av ein del som vi fordeler gjennom året til spesielle strategiske tiltak i samsvar med prioriteringar som styret har gjort.

Resultatbaserte løyvingar stimulerer i varierende grad:

- undervisning
- internasjonalisering
- kompetansenivå
- ekstern verksemd
- forskning
- formidling
- anna utviklingsarbeid - kunstnarleg aktivitet

Eit anna viktig grep i modellen, er at vi kvart år set av ein fast prosent som vi fordeler til investeringar. På denne måten sikrar vi at vi held inventar og utstyr ved like.

- ***Overføring av over- eller underskot frå eit år til det neste***

Dette sikrar at avdelingane og budsjetteiningane legg vekt på god ressursbruk, og det gir rom for langsiktig planlegging.

Avdelingane kan leggje inn eit driftsbudsjett som avvik frå ramme for året. I gode år må dei setje av midlar, og dersom dei planlegg året med auka aktivitet, har dei høve til å leggje inn ei høgare ramme i budsjettet.

- *Oppbygging av økonomimodellen*
Internrekneskapan er delt i to – ordinær drift (grunnløyvinga frå KD) og prosjektrekneskapan. I prosjektrekneskapan fører vi all bruk av eksterne midlar, og i tillegg set vi av heilt spesielle prosjektmidlar av den ordinære ramma frå KD. Budsjettet for ordinær drift utgjer mellom 85 og 90 % av det samla budsjettet.

Dette gir grunnlag for god kontroll av driftsbudsjettet gjennom året.

- *Budsjettssystem – detaljbudsjettering*
Vi nyttar budsjettverktøyet Agresso Budget Manager (ABM) som verktøy for å fordele og periodisere budsjettet, og vi har gode erfaringar med systemet.

Vi har lagt opp til at aktuelle budsjettansvarlege får tilgang til systemet, dei får opplæring og legg sjølve inn eit periodisert budsjett. Dette sikrar god budsjettoppfølging sidan dei sjølve får eigarkjensle til det innlagde budsjettet.

Vi har lagt vekt på at vi må finne fram til enkle, gode ordningar som er tilpassa vår organisasjon.

System for mål og resultatstyring skal sikre at vi arbeider mot fastsette mål, risikostyring skal sikre merksemd mot risikoområde, og våre interne system for økonomistyring stimulerer til gjennomtenkt ressursbruk, god økonomistyring og god budsjettdisiplin.

Vi har brukt god tid i arbeidet med utforming av den interne budsjettfordelingsmodellen vår. Her har både styret og dei tilsette høve til å kome med innspel og strategiske vurderingar. I dette arbeidet vert det også teke ei vurdering av dei ressursane vi set av til fellestiltak. Dei største felleskostnadane er husleige, drift av bygningar og sentrale administrative funksjonar. Modellen har vore revidert med visse mellomrom, og den siste revisjonen vart teken hausten 2007.

Forvaltning av fullmakter

Høgskulen i Volda eig tre mindre aksjepostar som er investerte etter den nye ordninga frå 2003. Vi har ikkje kjøpt aksjar i 2009, men styret vedtok i desember 2009 at vi skulle kjøpe aksjar i LEAN-akademiet, og aksjekjøpet vart effektivt i januar 2010.

Fullmakter til aksjekjøp i samsvar med reglementet frå KD er ikkje delegert til avdelingane.

Etter det siste aksjekjøpet har vi no eigarpartar i til saman fire selskap.

Aksjepostane i Møreforsking AS og i Høgskolesenteret i Kristiansund AS er kjøp som er samordna med dei andre to høgskulane i fylket, og vi har gått inn med like store eigarpartar.

Høgskulesenteret i Kristiansund AS

Høgskulen i Volda har i mange år hatt stor aktivitet i Kristiansund. I hovudsak har vi hatt tilbod om allmennlærerutdanning, førskulelærerutdanning og PPU på deltid.

Høgskulane hadde opphavleg tenkt at når vi var ute av avtalen om husleige og drift av senteret i Kristiansund, så skulle vi berre kome inn som brukarar av senteret dersom det var ein marknad for studietilboda våre – på lik linje med andre tilbydarar. Andre burde kunne ta seg av infrastruktur og drift. Men etter at vi fekk invitasjonen om å teikne aksjar i det nye selskapet, vurderte vi situasjonen slik at vi burde gå inn og støtte etableringa. Det var i tråd med vårt ansvar for å bidra til kompetanseheving i regionen, og vi trur at det nye senteret kan vere ein nyttig reiskap her. Det vil også vere ein viktig symboleffekt at høgskulane er med i dette selskapet. Vi er tydelege på at vi vil avgrense forplikningane våre til å gå inn som eigarar og elles vere tilbydarar av studietilbod. Driftsutgiftene til senteret må andre ta seg av.

Møreforsking AS

Selskapet har som formål å drive forskings- og utviklingsarbeid, utgreiingar og rådgivande verksemd for næringsliv, offentleg forvaltning, organisasjonar og andre, samt delta i andre aktivitetar som står i naturleg samanheng med dette.

Høgskulane har vurdert at eit samarbeid med Møreforsking vil vere til styrke for alle.

Egget Eigedom AS

Egget inngår som delprosjekt i eit større prosjekt som er kalla Kompetansesenter Nordvest. Egget skal vere eit lokale som er spesiallaga for framføring av akustisk og eksperimentell musikk. Det er tenkt laga med ei eineståande utforming der publikum er plassert i spiral på ulike nivå for å få ei optimal oppleving. Planen er at Egget kan gi rom for eit mangfald av aktivitetar: konsertar og visningar for t.d. orkester, kor, opera, korps og dans, innspelningar og opptak, installasjonar, multimediaprodukt og kulturproduksjonar. Lokalet kan også nyttast til øvingar og forskings- og utviklingsarbeid.

Eigedomsselskapet Egget Eigedom AS er skipa for å arbeide med å realisere dette delprosjektet.

HVO har satsa på utvikling av praktisk-estetiske fag som musikk, drama og forming. I samband med dette har vi arbeidd for å realisere eit senter for kulturproduksjon og kulturformidling knytt til måla og aktørane i Den kulturelle skulesekken. Dette senteret har no fått namnet Seanse, og senteret har til no fått støtte både frå Norsk Kulturråd og frå KD. Senteret skal gi rom for ny aktivitet der vi har utdanningstilbod, og på denne måten vil vi få eit betre grunnlag for å utvikle dei kunstrelaterte utdanningane våre. Dette gjeld spesielt lærarutdanningane, mediefaga og dei praktisk-estetiske faga. Vi ser Egget i samband med dette senteret. Her ligg det godt til rette for sambruk av areal.

LEAN-akademiet AS

Intensjonen med etableringa av LEAN-akademiet er å kome i gang med eit undervisningstilbod for næringslivet og kommunane i regionen basert på LEAN-prinsippa. LEAN er ein måte å arbeide og tenke på som hjelper ei verksemd til å betre sine produksjons- og logistikkprosessar. Det handlar om å organisere produksjonen av varer og tenester med minst mogleg spill av tid og ressursar. I tillegg søker ein å ta vare på og utvikle kompetansen til medarbeidarane.

Vi har vurdert dette som eit interessant initiativ som HVO bør vere med på. Det kan føre til utvikling av eit kompetansemiljø hos oss som kan gi opplæring og rettleiing på ulike nivå i bedrifter og kommunar i regionen. Vi trur dette vil styrke masteren vår i samfunnsplanlegging og føre til betre kontakt med næringslivet i regionen.

Andre rutinar og fullmaktsoppgåver

Vi arbeider kontinuerleg med å vidareutvikle og forbetre rutinane våre knytt til fullmakter og ansvarstilhøve. Som ein lekk i dette arbeidet fastsette styret i 2008:

- Revidert innkjøpsstrategi
- Interne reglar for bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet (BOA)

I 2009 har vi arbeidd med å sikre innkjøpsprosessane våre. Retningslinjer og rettleiingar er lagt på dei interne nettsidene, tilgjengelig for alle tilsette. Vi har kjøpt og fått på plass både systema for konkurransegjennomføring (KGV) og elektronisk bestillingssystem (BSS). I tillegg har vi kjøpt inn malar for anbudsprosessen, og vi har avtale om tilgang til markedsplassen.no.

Vi har meldt frå at vi kan vere pilotar når eit nytt integrert bestillings- og fakturahandsamingssystem skal innførast i sektoren.

I 2007 reviderte vi den interne økonomiinstruksjonen vår, og denne legg viktige føringar for organsering og fullmakter knytt til økonomifunksjonane våre.

I 2009 har vi arbeidd med kontroll og sikring av rutinane knytt til MVA-reglementet.

Særskilde rapporteringar

Rapport for bruk av midlar tildelte i RNB 2009

Høgskulen i Volda fekk basisløyving for 5 ekstra studieplassar i førskulelærerutdanninga. I tillegg til at vi kvart år tek opp studentar til bachelor førskulelærer som heiltidsutdanning, tek vi opp nye studentar til ei tilsvarande deltidsutdanning tredje kvart år. Dei studentane som tek førskulelærerutdanning deltid i dag, vart tekne opp hausten 2008. Samla kan vi vise til auka opptak, og eit opptak som ligg godt over det som opphavleg var resultatkravet i førskulelærerutdanninga.

Vi fekk basisløyving for 10 nye studieplassar til praktisk pedagogisk utdanning. Denne utdanninga tilbyr vi også både som heiltids- og deltidstudium. Samla kan vi vise til auka opptak, og eit opptak som ligg godt over det som opphavleg var resultatkravet for utdanninga.

Vi fekk 20 studieplassar knytt til fireårig grunnskulelærerutdanning. Det vert teke opp til dei nye grunnskulelærerutdanningane frå hausten 2010. Vi auka opptaket i allmennlærerutdanninga frå 60 i 2008 til 70 i 2009, og vi satsar på ein betydeleg auke i åra framover. Rekruttering til dei nye grunnskulelærerutdanningane får hovudmerksemda i rekrutteringsarbeidet for 2010, og vi har sett av ekstra satsingsmidlar til dette. Sjølv om søkjartala for 2009 viste ein betydeleg auke i høve 2008, vart ikkje auken i det faktiske opptakstalet så høgt som vi først trudde. Utviklinga er likevel positiv, og behovet for nye lærarar i regionen i åra framover er stort.

Vi fekk 5 studieplassar knytt til uspesifiserte bachelorutdanningar. Opptaket hausten 2009 har auka på desse tilboda, og vi vil spesielt vise til bachorstudiet i media, IKT og design som auka opptaket frå 30 til 37 studentar.

Vi fekk i 2009 nye studieplassar både til arbeidsplassbasert førskulelærerutdanning, pedagogisk utviklingsarbeid i barnehagen og barnehagepedagogikk. Alle tilboda vart sette i gang i 2009, og vi viser til spesiell omtale under verksemdmål 1.1 og 3.3.

Midlane som vart tildelte til desentralisert utdanning og etter- og vidareutdanning er godt nytta. Høgskulen i Volda har alltid hatt stor aktivitet på dette området, og i 2009 har vi prioritert lærarutdanning og ei fagleg satsing på elevvurdering. Vi vart i 2009 oppnemnd som kompetansetilbydar i elevvurdering. For å sikre eit fagleg godt tilbod både i vår eiga lærarutdanning og som tilbydar til skulane, vart det etablert ei vurderingsgruppe med medlemmer frå dei ulike fagmiljøa knytt til lærarutdanninga. Vurderingsgruppa er ein møteplass for fagleg oppdatering og erfaringsdeling. Arbeid i vurderingsgruppa inngår i arbeidsplanane til dei medverkande. Ressursar har i tillegg vore brukt til utvikling og utprøving av modellar for skuleutvikling, jf <http://www.hivolda.no/index.php?ID=21098>.

Rapport for bruk av midlar tildelte over kap 0281

Hausten 2009 fekk vi etter søknad løyvd midlar til inventar og utstyr i det nye kontorbygget vårt. Desse midlane er løyvde over kap 0281. Midlane er periodisert til 2010, jf note 15.II i rekneskapan for 2009. Kontorbygget vert ferdigstilt frå Statsbygg i veke 10/2010. I tillegg til ekstraløyvinga frå KD har vi sett av kr 630.000 frå eiga løyving for 2010, jf også omtale av planlagd bruk av investeringsmidlar i punkt 3.2, plan for tildelt løyving 2010. Etter ei anbudsrunde gjennom KGV, det nye elektroniske konkurransegjennomføringsverktøyet i sektoren, vil inventar og utstyr vere på plass i veke 11/2010.

Oppfølging av evalueringa av lærarutdanninga

Vi viser til omtale under eige resultatmål knytt til verksemdmål 1.1 – om å utvikle ein god modell for lærarutdanning.

3. Planar for 2010

3.1 Plan for verksemda i 2010

Vi viser til brev frå Kunnskapsdepartementet av 22.01.2010 *Tillegg til Rapport og planer (2009-2010) - innhenting av opplysninger om potensiell vekstkapasitet blant universiteter og høgskoler*. Høgskulen i Volda kan auke opptaket innanfor dagens studietilbod på følgjande utdanningar i løpet av 2010 og 2011:

Barnevernsutdanning +15
Sosionomutdanning +15
Grunnskulelærerutdanning +20
Kunst og kulturlærerutdanning +25
Førskulelærerutdanning +10
Praktisk-pedagogisk utdanning +20
Eittårig barnehagepedagogikk +10
Animasjonsutdanning +10
Mediefag - dokumentarstudiet +10
Bachelor i media, IKT og design +10
Master spesialpedagogikk +20
Master helse- og sosial +20
Master i samfunnsplanlegging og leiing +25
(Jf eige tabellvedlegg)

Sektormål 1 - utdanning

Høgskulane skal tilby utdanning av høg internasjonal kvalitet som er basert på det fremste innan forskning, fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid og erfaringskunnskap.

Verksemdmål 1.1 (KD): Høgskulen i Volda skal utdanne kandidatar med høg kompetanse og med relevans for behova i samfunnet.

Resultatmål:

- Høgskulen i Volda skal ha minst 1400 primærskolar i samordna opptak.
- Høgskulen i Volda skal utdanne minst 260 bachelorkandidatar.
- Høgskulen i Volda skal utdanne minst 35 masterkandidatar.
- Høgskulen i Volda skal utdanne minst 60 allmennlærarkandidatar og 50 PPU-kandidatar.
- Høgskulen i Volda skal vidareutvikle fleksible utdanningstilbod – spesielt innan profesjonsutdanningane og vidareutdanningar retta mot lærarar.
- Høgskulen i Volda skal ta opp 100 studentar til dei nye grunnskulelærerutdanningane, 60 til 1-7 og 40 til 5-10.
- Høgskulen i Volda skal gjennomføre eit eige prosjekt for å rekruttere søkjarar til dei nye lærarutdanningane.

- Høgskulen i Volda skal gjennomføre eit eige prosjekt for å auke rekrutteringa til sosialarbeidarutdanningane.
- Høgskulen i Volda skal fortløpande vurdere situasjonen for dei praktiske og estetiske faga i samband med innføringa av ny lærarutdanning, og vurdere trongen for tiltak som sikrar god fagutdanning i desse faga i tida framover.

Risikovurderingar:

Det største trugsmålet mot måloppnåinga til Høgskulen i Volda er at vi ikkje får tilstrekkeleg søking til studia våre. Sjølv om vi hadde ein liten auke i talet på søkjarar i 2009, har vi framleis ikkje god nok rekruttering til viktige profesjonsutdanningar. Forklaringa kan delvis liggje i låg status for velferdsstatens yrker og høgkonjunktur med lett tilgang på godt løna arbeid i privat sektor. Følgjene for Høgskulen i Volda kan bli alvorlege. Styresmaktene har difor eit stort ansvar for å gjere velferdsutdanningane meir attraktive. På Høgskulen i Volda har vi auka innsatsen i marknadsføring av studietilboda våre. Vi har også laga ein rekrutteringsplan som vert årleg revidert og som blir drøfta med styret på kvart desembermøte. Vi skal gjennomføre to prosjekt i 2010 for å rekruttere søkjarar til dei nye lærarutdanningane og til sosialarbeidarutdanningane. Vi legg og stor vekt på å rekruttere dyktige fagfolk og gi dei gode vilkår for kompetanseutvikling. På den måten legg vi til rette for god undervisning og eit godt omdøme. Vi trur at risikoen for rekrutteringssvikt minskar som følgje av forventa lågkonjunktur og større ungdomskull dei næraste åra.

Eit anna trugsmål mot fagporteføljen vår, både ved HVO og nasjonalt, er at dei praktisk-estetiske faga blir kraftig skorne ned i den nye grunnskulelærarutdanninga. Dette kan føre til at det blir vanskelegare å oppretthalde desse fagmiljøa.

Styringsparameter	Resultat				Ambisjonsnivå
	2006	2007	2008	2009	2010
Talet på primærsøkjarar per studieplass	1,3	1,2	1,3	1,3	1,3
Talet på studietilbod i samarbeid med andre institusjonar	2	2	1	5	5
Uteksaminerte kandidatar på bachelorprogram	173	198	259	245	260
Uteksaminerte masterkandidatar	22	24	38	29	35
Uteksaminerte allmennlærarkandidatar	91	90	53	53	60
Uteksaminerte PPU-kandidatar	112	60	51	69	50
Primærsøkjarar i samordna opptak		1 161	1 270	1 312	1 400

Verksemdmål 1.2 (KD): Høgskulen i Volda skal tilby eit godt læringsmiljø med undervisnings- og vurderingsformer som sikrar fagleg innhald, læringsutbytte og god gjennomstrøyming.

Resultatmål:

- Høgskulen i Volda skal halde fram med implementeringa av kvalifikasjonsrammeverket i studieplanarbeidet.
- Høgskulen i Volda skal revidere kvalitetssystemet i 2010. Revideringa blir organisert som eit prosjekt.
- Høgskulen i Volda skal stimulere til god dialog mellom tilsette og studentar om innhald og kvalitet i studietilboda. Studenttinget skal få timeplanfesta tid til informasjonsarbeid om studentdemokratiet.
- Høgskulen i Volda skal informere om kvalitetsarbeid og gi betre informasjon om temaet på nettsidene.
- Høgskulen i Volda skal kople arbeidet med implementering av kvalifikasjonsrammeverket mot arbeidet med kvaliteten i studieprogramma.
- Strategisk studienemnd skal arrangere ein fagdag om dei obligatoriske elementa i undervisninga.
- Høgskulen i Volda skal liggje på nasjonalt gjennomsnittsnivå når det gjeld studiepoengsproduksjon pr heiltidsstudent.
- Høgskulen i Volda skal gjennomføre brukarundersøkingar om studentvelferd, studiestart i 2010 og programevalueringar.
- Høgskulen i Volda skal revidere handlingsplanen for inkluderande læringsmiljø i 2010.
- Høgskulen i Volda skal lage eit prøveprosjekt knytt til podcasting av undervisninga for utvalde fag.

Risikovurderingar:

Trugsmålet mot måloppnåinga er manglande engasjement og studentmedverknad. HVO og Studenttinget i Volda må i fellesskap finne fram til gode måtar å auke engasjementet og deltakinga blant tilsette og studentar. Gode tiltak er at vi møter i kvarandre sine leiarmøte. Fagutvala er også ein kritisk faktor. Dersom vi får dei til å fungere betre, har vi lagt eit godt grunnlag for kvalitetsforbetring. Vi har også utfordringar knytt til emneevalueringane. Målretta kommunikasjon om kvalitetsarbeid og betre informasjon på nettsidene våre er tiltak som vil bli sett i verk i 2010 (jf Rapport om studiekvalitet).

Delar av realiseringa av handlingsplanen for inkluderande læringsmiljø kan bli hindra av knappe budsjett. For å unngå at investeringar blir salderingspostar i budsjetthandsaminga, har HVO innarbeidd i budsjettfordelingsmodellen at ein bestemt del av basisløyvinga skal nyttast til investeringar. Men det handlar like mykje om å påverke haldningar. Difor må vi nytte ulike informasjonstiltak for å gjere lærarane medvitne om korleis ein legg til rette lærings situasjonen i samsvar med krava om universell utforming.

Styringsparameter	Resultat				Ambisjonsnivå
	2006	2007	2008	2009	2010
Nye studiepoeng per eigenfinansiert heiltidsstudent per år	51	50	50	50	50
Studentar per undervisningsforskningsstilling og formidlingsstilling	18,0	17,0	17,5	16,2	16,0
Gjennomføring i høve avtalt utdanningsplan i prosent	80,9	84,6	85,6	84,5	85

Verksemdmål 1.3 (KD): Høgskulen i Volda skal ha eit utstrekt internasjonalt utdanningssamarbeid som har høg kvalitet, og som medverkar til auka utdanningskvalitet.

Resultatmål:

- Høgskulen i Volda skal gjennomføre dei to IP-prosjekta (Intensive Projects – Life Long Learning Programme) i 2010 på ein god måte og søke om eit 3. prosjektår innan 15.03.2010.
- Høgskulen i Volda skal oppretthalde minst same aktivitet når det gjeld utvekslingsstudentar som i 2009 og satse ekstra på Erasmus mobilitet.
- Høgskulen i Volda skal i løpet av 2010 ha 10 engelskspråklege tilbod både vår og haust.
- Høgskulen i Volda skal halde fram arbeidet med å kvalitetssikre avtalar og studieplanar med sikte på å optimalisere tidspunkt og studieinnhald ved utanlandsopphald på internasjonale lærestader.
- Høgskulen i Volda skal utvikle tettare samarbeid med utvalde utanlandske lærestader med sikte på systematisk samarbeid om profesjonsutdanningar på BA- og MA-nivå.
- Høgskulen i Volda skal leggje til rette for å innarbeide internasjonal aktivitet i arbeidsplanane.
- Høgskulen i Volda skal arbeide for at fleire tilsette nyttar seg av Erasmus-stipend.
- Høgskulen i Volda skal stimulere studentar og nyutdanna lærarar til å søkje støtte frå Comenius-programmet.

Kommentarar:

HVO set av egne satsingsmidlar som stimulans til å utvikle nye studietilbod på engelsk og til kursing i engelsk av så vel administrativt som fagleg tilsette. Budsjettet til Internasjonalt kontor er styrka slik at vi kan få til fleire fellestiltak. Internasjonalt kontor har no to heile stillingar og vi har eit godt sørvisapparat for innreisande studentar gjennom den internasjonale treffstaden Pangaia. HVO set av midlar til trainee og praksisstudent ved Internasjonalt kontor. Vi ser at det er ei stor utfordring ikkje berre å etablere nye emne på engelsk, men på sikt også å kunne tilby ein heil grad på engelsk. Det er viktig at vi dimensjonerer talet på emne i forhold til etterspurnaden.

Ei av dei største utfordringane er å motivere eigne studentar til å ta eitt eller fleire semester ute. Vi håpar å kunne utnytte Erasmus-stipenda betre og samstundes auke talet på gode avtalar med Storbritannia, Nord-Amerika og Canada. Talet på innreisande studentar har hatt stor auke, spesielt gjennom Erasmus/EEA og vi jobbar særst aktivt for å motivere stadig fleire til å ta eitt eller fleire semester i Volda.

Vi har eit tett og godt samarbeid med fleire av våre utanlandske lærestader, og finn ekstra grunn til å trekke fram University of Glamorgan som ein partner der vi både har student- og lærarutveksling og IP-prosjekt, og arbeider målretta mot ein joint master med m.a. 3D animasjon og industriell animasjon. I dette arbeidet vil vi samarbeide tett med næringslivet og med VRI-prosjektet. Vi arbeider også tett mot afrikanske og indiske universitet, spesielt på samfunns-, sosial- og mediefaga. Dette arbeidet vil intensiverast i 2010.

I arbeidet med å få etablert fleire tilbod på engelsk ser vi behovet for ein strategisk plan som peikar ut nokre satsingsområde der vi veit at etterspurnaden er stor og prøver å få så høg kvalitet på desse tilboda som mogleg.

Nokre utvekslingsstudentar kjem til HVO på ei tutorordning. Denne ordninga fungerer ikkje. Dette må vi gjere noko med i 2010.

Styringsparameter	Resultat				Ambisjonsnivå
	2006	2007	2008	2009	2010
Talet på utvekslingsstudentar (ut/inreisande)	200	213	172	179	200
Talet på framandspråklege studietilbod (15 studiepoeng)	18	23	10	13	10
Studietilbod i samarbeid med andre utanlandske institusjonar (fellesgrader)	0	0	0	0	0

Verksemdmål 1.4 (HVO): Høgskulen i Volda skal primært vere ein profesjonshøgskule med profilerte tilbod innan mediefag, sosialfag og lærarutdanningar.

Resultatmål:

- Høgskulen i Volda skal i 2010 vidareføre arbeidet med revisjon av studieplanane til alle profesjonsutdanningane med sikte på klarare målretting, profilering og organisering i forhold til behov i samfunnet og eigne behov for konsentrasjon og profilering. Studieplanarbeidet skal gjennomførast i tett samarbeid med praksisfeltet.
- Høgskulen i Volda skal vidareutvikle institusjonsavtalar og samarbeid som sikrar tilgang på gode praksisplassar for profesjonsutdanningane. Vi skal ha god kontakt med

samfunn/profesjon/næringsliv og sikre at profesjonsutdanningane fagleg sett er oppdaterte og at innhald og arbeidsmåtar er relevante for seinare profesjonsutøving.

- Høgskulen i Volda skal arbeide for oppretting av 25 nye studieplassar til ei eiga kunst- og kulturlærarutdanning.

Sektormål 2 - forskning

Høgskulane skal oppnå resultat av høg internasjonal kvalitet i forskning og fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid.

Verksemdmål 2.1 (KD): Høgskulen i Volda skal gjennom nasjonalt og internasjonalt samarbeid tilby forskarutdanning av høg kvalitet. Forskarutdanninga skal vere retta inn mot og dimensjonert for å ta vare på behova i sektoren og i samfunnet elles.

Resultatmål:

- Høgskulen i Volda skal aktivt samarbeide med andre institusjonar om forskarutdanning, spesielt forskarskular som er retta mot behova i profesjonsfaga.
- Høgskulen i Volda skal leggje til rette for at eigne stipendiatar og ph.d. kandidatar får optimale muligheiter til å gjennomføre forskarutdanning ved doktorgradsgivande institusjon og t.d. NAFOL eller NATED.

Verksemdmål 2.2 (KD): Høgskulen i Volda skal ta eit særskilt ansvar for profesjonsretta forskning, utviklingsarbeid, kompetanseutvikling og nyskapande verksemd i regionen. Vi skal samarbeide nasjonalt og internasjonalt om forskning og utviklingsarbeid.

Resultatmål:

- Høgskulen i Volda skal samarbeide innan UH-nett Vest med å gjennomføre prosjektet *Kartlegging av vurdering* som ein har fått incentivmidlar til.
- Høgskulen i Volda skal, i samarbeid med Møreforskning og Agderforskning, søkje VAM-programmet (Velferd, arbeid, migrasjon) om støtte til eit prosjekt om *Sårbar ungdom*.
- HVO skal søkje forskingsrådet sitt regionale fond om midlar knytt til *Innovasjon i offentleg sektor*.
- Høgskulen i Volda skal vere blant dei fem beste i høgskulegruppa når det gjeld publikasjonspoeng.
- Høgskulen i Volda skal auke produksjonen av publikasjonspoeng ved at fleire fagtilsette publiserer.
- Høgskulen i Volda skal stimulere tilsette til å delta i internasjonale kompetansenettverk, og knyte til oss internasjonale forskarnettverk gjennom Strategiske høgskuleprogram og andre større profesjonsprosjekt.
- Alle som får tildelt FoU-ressursar skal dokumentere korleis desse ressursane er nytta, og vi skal leggje til rette for god framdrift.

Risikovurderingar:

Eit trugsmål mot måloppnåinga er at forskingsverksemda vert skvisa i høve til undervisninga. Som eit tiltak har høgskuleleiinga oppmoda avdelingsleiingane om å leggje til rette for at fagtilsette kan få frigjort meir samanhengande tid til FoU.

AMF ser store utfordringar i å oppretthalde forskingsaktiviteten i avdelinga når det strategiske høgskuleprosjektet (SHP) *Journalistikk i endring* er slutt hausten 2010. Dette prosjektet har gitt verdfull økonomisk og fagleg stimulans, og vi leiter etter måtar å vidareføre prosjekt som er initiert i samband med dette prosjektet. AMF har arbeidd intenst med søknadsskriving dette året, og det er mellom anna levert fem søknader til RAM og ein til Nordisk Råd i samarbeid med andre nordiske land.

Kommentarar:

Vi vil arbeide fram ein søknad om etablering av eit *Senter for fremragende utdanning* (SFU) når og om denne ordninga vert oppretta. Det er fleire retningar ein slik søknad kan rettast inn mot. Profilen på søknaden vert avgjort når utlysingsteksten er klar. Vi meiner at med den posisjonen vi har nasjonalt og internasjonalt, vil det være svært naturleg å fremje ein slik søknad.

Viktige tiltak i den nye FoU-planen er at arbeidsplanane til vitenskapleg tilsette skal brukast meir målretta til å gjere alle aktive i forskings- og formidlingsarbeid, til å omfordele FoU-ressursar til felles/avdelingsvise program og prosjekt, og til kollegarettleing og forskingsleiing på operativt nivå.

AMF er med i fleire nettverk med mål om å få tilslag på EU-finansierte forskingsmidlar og bruker betydelege ressursar på dette arbeidet.

Styringsparameter	Resultat				Ambisjonsnivå
	2006	2007	2008	2009	2010
Publikasjonspoeng per undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling	0,28	0,31	0,49	0,43	0,40
NFR-tildeling per undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling (1 000 kr)	7	26	37	38	33
EU-tildeling per undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling					

Verksemdmål 2.3 (HVO): Høgskulen i Volda skal gjennom tildelte stipendiatstillinger syte for god gjennomføring av forskarutdanninga.

Resultatmål:

- Høgskulen i Volda skal vidareføre satsinga med å knyte stipendiatar til program med klare mål, god rettleing og oppfølging for å betre gjennomstrøyminga.

- Stipendiatprogrammet i fagdidaktikk skal halde fram i 2010.
- Eit nytt program i profesjonsforskning skal etablerast i løpet av 2010.
- Alle stipendiatar skal følgjast opp med medarbeidarsamtale minst ein gong i året.
- HVO arbeider med å leggje til rette for at stipendiatar kan ha kortare eller lengre utanlandsopphald.

Risikovurderingar:

Det er fleire trugsmål mot måloppnåinga om god gjennomføring av forskarutdanninga, t.d. at oppfølginga ved Høgskulen i Volda ikkje er god nok. Dette kan få alvorlege følgjer for gjennomføringa. Dei erfaringane vi har så langt tyder på at vi har eit forbettringspotensiale når det gjeld gjennomføring. Vi har difor sett i verk ein del tiltak som skal betre gjennomføringa. Stipendiatar som blir tilsett får ikkje løn før dei er tekne opp på doktorgradsprogram. Vi har også innført intervju ved tilsetjing for å formidle forventningar og krav og sjekke motivasjon. Eige reglement for oppfølging av stipendiatar er vedteke. Krav til undervegsrapportering er skjerpa. Høgskulen i Volda har og satsa på å knyte stipendiatane til større program med klare mål, god rettleiing og oppfølging. Den økonomiske situasjonen kan gjere det vanskeleg å oppfylle målet om utanlandsopphald.

Kommentarar:

Forskingsutvalet skal ein gong i året handsame statusrapport over framdrift og oppfølging vedrørande stipendiatar og andre i doktorgradsløp.

Sektormål 3 - formidling

Høgskulane skal medverke til å spreie og formidle resultat frå forskning, fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid, og medverke til innovasjon og verdiskaping basert på desse resultata. Vi skal også leggje til rette for at tilsette og studentar kan delta i samfunnsdebatten.

Verksemdmål 3.1 (KD): Høgskulen i Volda skal tilføre samfunnet resultata frå FoU-verksemda gjennom formidling og deltaking i offentleg debatt.

Resultatmål:

- Høgskulen i Volda skal halde fram med å arrangere Forskingsdagane for å synleggjere FoU-verksemda vår.
- Høgskulen i Volda skal halde fram med å gi støtte til dokumentarfilmfestivalen, animasjonsfilmfestivalen, symfoniorkesteret og andre aktivitetar som fremjar omdømme og samfunnskontakt.
- Høgskulen i Volda skal gjennom internt poengsystem for FoU stimulere fagtilsette til å drive foredragsverksemd, fagleg og populærvitskapleg formidling og kritisk debatt m.m. om aktuelle samfunns spørsmål innanfor våre fagområde.
- Høgskulen i Volda skal arrangere konferansar og seminar om m.a. barnehagen, rekruttering til velferdsstatens yrke i samarbeid med regionale aktørar og samarbeide med Fritt Ord om forskning og seminar.

- Høgskulen i Volda skal i samarbeid med Seanse arrangere årlege internasjonale forskingsseminar med paper innanfor feltet *Arts in Education*.
- Høgskulen i Volda legg opp til nettbaserte tenester for forskingsformidling. Gjennom nye nettsider vil ein fokusere på framstilling av sentrale forskingsprosjekt, faglege ressursar og publikasjonar.
- Høgskulen i Volda sitt interne poengsystem for FoU skal vidareutviklast for å syne formidling som eigen hovudaktivitet. Produksjonen av formidlingspoeng skal vere større i 2010 enn i 2009.
- Høgskulen i Volda skal arrangere fagkonferansar og seminar med utspring i forskingsverksemda innanfor dei sentrale fagområda våre i samarbeid med regionale, nasjonale og internasjonale aktørar.
- Høgskulen i Volda skal i samarbeid med fylkesmannen i Møre og Romsdal arrangere fagdag om omsorgsyrke.
- Høgskulen i Volda skal arrangere *Norsk medieforskarkonferanse* og avslutningskonferanse for *Journalistikk i endring* (SHP).
- Høgskulen i Volda skal få på plass eit system for elektronisk innlevering av masteroppgåver ved HVO i løpet av våren 2010.
- Høgskulen i Volda skal få på plass rutinar for å få inn tidsskriftartiklar i Brage Volda (kontraktar, format, informasjon til tilsette).

Kommentarar:

Når det gjeld dei nettbaserte tenestene er strukturen etablert, men ein del av innhaldet manglar framleis.

Når vi får på plass eit system for elektronisk innlevering av masteroppgåver, vil det forenkle og betre rutineane for å få dokument inn i Brage Volda (BraVo), og det vil gjere det lettare å søke i BraVo-dokumenta. Vi må informere tilsette, studentar o.a. om Open Access og BraVo: Oppdatere nettsida, fleire inngangar til BraVo på HVO-sidene, seminar om Open Access eller annan aktivitet knytt til BraVo under Forskingsdagane 2010.

Verksemdmål 3.2 (KD): Høgskulen i Volda skal medverke til samfunns- og næringsutvikling gjennom utdanning, innovasjon og verdiskaping.

Resultatmål:

- Høgskulen i Volda skal oppretthalde same nivået på den eksternt finansierte verksemda i 2010.
- Høgskulen i Volda skal arbeide vidare med å sikre fast finansiering over statsbudsjettet av Seanse - senter for kulturproduksjon i Volda kopla til Den kulturelle skulesekken.
- Høgskulen i Volda skal utvikle nyskapande studietilbod i samarbeid med og for regionen, innan leiing, kultur og etablerarkunnskap.
- Høgskulen i Volda vil arrangere nyskapingseminar og følgje opp nye forretningsidéar baserte på forskning og nyskapande studentarbeid.
- Høgskulen i Volda skal aktivt medverke til nyskaping i regionen gjennom utvikling av nye etter- og vidareutdanningstilbod.

- Høgskulen i Volda skal gjennom VRI- og FORNY-prosjekta bidra til å etablere ein sterkare kultur for kommersialisering av forskning og kunnskap generelt, samt å kartlegge og prøve ut HVO sitt potensiale for kommersialisering av FOU-resultat.
- Høgskulen i Volda skal arbeide aktivt for å vidareutvikle aktiviteten knytt til Vestnorsk filmsenter og kultur næringsshagen i Volda.

Styringsparameter	Resultat				Ambisjonsnivå
	2006	2007	2008	2009	2010
Omfang av bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet (BOA) (utanom NFR og EU)	9 338	11 676	11 077	12 096	12 300
Mottekne forretningsidear					
Mottekne forretningsidear som har resultert i oppretting av selskap					

Verksemdmål 3.3 (HVO): Høgskulen i Volda skal vere ein aktiv samarbeidspart for kommunane i gjennomføringa av reformene i barnehage og skule (Barnehageløftet og Kompetanse for kvalitet).

Resultatmål:

- Høgskulen i Volda skal gjennomføre oppdraget knytt til utviklingsarbeid i barnehagen for kommunane på Nordre Nordmøre.
- Høgskulen i Volda skal vidareføre vidareutdanningstilbodet for førskulelærarar på til saman 30 stp innan språkmiljø og språkutvikling.
- Høgskulen i Volda skal gjennomføre eit prosjekt for barnehageeigarar om haldningsskaping for fleirkulturell pedagogikk.
- Høgskulen i Volda skal tilby eit nytt vidareutdanningstilbod på til saman 30 stp for leiarar i barnehagen innan organisasjon og leiing.
- Høgskulen i Volda skal tilby studiet Barnehagepedagogikk.
- Høgskulen i Volda skal tilby studiet Småbarnspedagogikk i samarbeid med HSF innanfor ramma av UH-nett Vest.
- Høgskulen i Volda skal arbeide for å få tildelt studieplassar til prioriterte vidareutdanningar for lærarar, i samband med vidareføring av Kompetanse for kvalitet.
- Høgskulen i Volda skal gjennomføre etterutdanning og rettleiing innan elevvurdering for heile det 13-årige løpet.
- Høgskulen i Volda skal utvikle eit nytt vidareutdanningstilbod i elevvurdering.
- Høgskulen skal gjennomføre etter- og vidareutdanning for lærarar på til saman 30 stp innan engelsk.
- Høgskulen i Volda skal delta i vidareutdanningstilbod for skuleleiarar (rektorskulen).
- Høgskulen i Volda skal tilby studium i mentorutdanning av nyutdanna lærarar.
- Høgskulen i Volda skal i 2010 arbeide med strategisk utvikling av PPU-tilbodet med sikte på betre rekruttering av BA-studentar i ulike fag til læraryrket.

Risikovurderingar:

Høgskulen i Volda har store ambisjonar når det gjeld etter- og vidareutdanning for lærarar. I det nye *Kompetanse for kvalitet – eit varig system for kompetanseheving av lærarar*, legg partane opp til nye prinsipp for kompetanseheving. Nyordninga har ført til redusert aktivitet. Vidareutdanning gir læraren fritak for undervisning – vikarkostnaden blir fordelt mellom stat, skuleeigar og lærar. Ein større del av avsette midlar (både statlege og kommunale) vil gå til å dekkje vikarkostnader og mindre til kompetanseheving (etter- og vidareutdanning). Uvissa er om skuleeigar/kommunane maktar å finansiere sin del av kostnadene og korleis lærarar som tek vidareutdanning i eigen regi reagerer når kollegaen får fri til å studere. Alternativt må studietilboda tilpassast det tildelte måltalet. Samla er talet på lærarar som tek vidareutdanning blitt mindre. Vår strategi må vere å tilby studium som blir valt framfor andre – kriteria her går på fagleg innhald, organisering og gjennomføring. Fleire viktige skulefag får ikkje plass i HVO sine modellar for ny lærarutdanning. For å sikre god lærardekking i desse faga, er det viktig at tilboda i PPU er gode og kan gje tilbod til alle på BA-nivå som ønskjer det.

Kommentarar:

HVO har i dag fleire avtalar med kommunar om deltaking i skuleutviklingsprosessar – dette er etterutdanning og vil ikkje kunne finansierast med statlege midlar som før. Denne aktiviteten vil truleg falle bort. Derimot ser ein at staten tilbyr etterutdanning til skular som har dårlege resultat på nasjonale prøver – t.d. fekk utvalte kompetansmiljø i oppdrag å gi kurs i leseopplæring. Truleg vil vi sjå meir av slike satsingar innan prioriterte fag og her må HVO markere seg.

Den nye lærarutdanninga med stor konsentrasjon kring dei store basisfaga, vil truleg føre til svært avgrensa tilbod innanfor praktisk-estetiske fag på dei ulike lærarutdanningsinstitusjonane. HVO skal utvikle strategiar for å takle behovet for vidare- og etterutdanning av lærarar i praktisk-estetiske fag i eigen region og tilgrensande område.

Høgskulen i Volda har no starta opp arbeidsplassrelatert førskulelærarutdanning (ABF) over fire år med om lag 60 studentar. Studiet vil opne vegen til førskulelærarutdanning for assistentar og andre som alt arbeider i barnehagane. Det er ein del av rekrutteringssatsinga for å få fleire førskulelærarar til barnehagane i Noreg.

Verksemdmål 3.4 (HVO): Høgskulen i Volda skal vidareutvikle utdanningstilbod i samarbeid med regionale og nasjonale aktørar.

Resultatmål:

- Høgskulen i Volda skal ha tett samarbeid med Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa, Nasjonalt senter for fleirkulturell oppvekst, Nynorsk kultursenter og Nasjonalt senter for kunst og kultur i opplæringa.
- Høgskulen i Volda skal utvikle nye studietilbod som gjer utdanningane tilgjengelege og fleksible for alle, uavhengig av bustad og livssituasjon.

- Høgskulen i Volda skal i samarbeid med regionen, næringsliv og kommunar utvikle eit moduloppbygd studietilbod innan krisehandtering.
- Høgskulen i Volda skal vidareføre samarbeidet med andre høgskular på Vestlandet om masterutdanning i helse- og sosialfag.
- Høgskulen i Volda skal utvikle vidareutdanningsemne på masternivå i barnevern.
- Høgskulen i Volda skal utvikle eit nytt emne knytt til demensomsorg.
- Høgskulen i Volda skal utvikle eit nasjonalt nettverk for kulturformidling i samarbeid med Seanse.
- Høgskulen i Volda skal gjere førelesingar og anna læringsstoff tilgjengeleg for studentar via internett, og vidareutvikle produksjons- og distribusjonsformer for dette.
- Høgskulen i Volda skal i samarbeid med kommunar utvikle etterutdanningstilbod innan organisasjon og leiing.
- Høgskulen i Volda skal utvikle eit undervisningstilbod i samarbeid med næringslivet og kommunane i regionen gjennom LEAN-akademiet AS.

Risikovurdering:

Tilgang på faglege ressursar er ein kritisk faktor når det gjeld eksterne aktivitetar. Dei fagtilsette er bundne opp av arbeidsplanane sine og det er liten tradisjon for å ha fagleg kapasitet utover ordinær portefølje. Dertil kjem at sektoren vår ikkje har fått i stand avtale om bruk av overtid. Vi prøver å inngå avtalar som er langsiktige og som kan innarbeidast i arbeidsplanane. Men vi har ei utfordring då etterspørselen frå kommunar og næringsliv ikkje følgjer høgskulen sitt årshjul.

Kommentarar:

Det er pågang frå kommunar i regionen om å medverke i endringsprosessar i kommunane og då retta inn mot leiargruppa. Vi opplever ei aukande interesse for å få med våre fagfolk i kollektive utviklingsprosessar der heile leiargruppa (tverrfagleg) er med og der våre bidrag blir faglege innspel og rettleiing i prosessen.

Interessa frå det regionale næringslivet er aukande og dette er ei erkjenning av at dei har behov for kompetanse utover det som rettar seg inn mot produksjonslina. Emne som språk, kulturforståing, kommunikasjon, leiing, prosjektleiing, krisehandtering og etikk blir vektlagt. Vi ser her eit potensiale for å kunne utvikle og tilby kurs og studium i nært samarbeid med næringslivet i regionen. Eit døme er *Business-engelsk*, eit kursopplegg som vi har utvikla og selt til Ulstein-gruppa. Kurset er ein pilot og dersom det fell heldig ut, ser vi eit stort potensiale i regionen.

Mange ser konturane av ein vanskeleg arbeidsmarknad dei næraste åra – i vår region er mange sysselsett i eksportretta industri innanfor maritim sektor. Nedbemanning og permitteringar er varsla, og i denne situasjonen kan HVO tilby kompetansehevande kurs og studium.

Sektormål 4 - organisering

Høgskulane skal organisere og drive verksemda si på ein slik måte at vi tek best mogleg vare på samfunnsoppdraget innanfor ramma av dei disponible ressursane.

Verksemdmål 4.1 (KD): Høgskulen i Volda skal sikre ei god og effektiv forvaltning av ressursane.

Resultatmål:

- **Høgskulen i Volda skal styrke det interne informasjonsarbeidet knytt til økonomistyringsordningane våre.**
- **Høgskulen i Volda skal arbeide for auka intern kunnskap om forvaltningssystem, regelverk og organisasjon.**
- **Høgskulen i Volda skal revidere rutineane for å sikre at nye tiltak ikkje vert sette i verk før det er lagt fram eit godt dokumentert budsjett.**
- **Høgskulen i Volda skal evaluere styringsordninga.**

Risikovurderingar:

Høgskulen i Volda har i dag over 20 ulike system knytt til sentrale administrative område. Dei fleste av desse systema har vore pressa på oss frå sentralt hald, til dømes frå Senter for statleg økonomistyring (SAP/ESS/MSS). Intensjonane er dei beste: Effektiv handsaming av mange prosessar og prosedyrar, inkludert generering av sentrale økonomidata, korrekte rekneskap, modernisert oppgåveløysing i staten og så vidare.

Som nettobudsjettert institusjon er vi i stor grad sjølvstyrte, og i dette ligg at departementet har overført eit stort ansvar til oss. Dette gjeld også oppfølging av ei rekkje sentrale og vanskelege regelverk som til dømes:

- regelverket for rekneskapsføring i nettobudsjetterte institusjonar
- MVA-regelverket
- innkjøpsregelverket
- opptaksføresegner

Samarbeidet mellom institusjonane i sektoren med støtte frå UNINETT (TROFAST-prosjektet) har sytt for at vi, som ein middels stor høgskule har klart å henge med i dette omfattande arbeidet med høvesvis små ressursar. Vi har klart dette berre ved å bygge opp spesialistkompetanse på dei ulike områda (nøkkelpersonar), og det har vore uråd å praktisere "jobb-rotasjon". Eit risikoområde vil vere at vi ikkje klarer å bygge opp nok kompetanse slik at vi har overlappingsfunksjonar på dei mest sårbare områda. For å redusere risikoen arbeider vi for å få til samarbeid i regionen, jf verksemdmål 4.4.

Styringsparameter	Resultat				Ambisjonsnivå
	2006	2007	2008	2009	2010
Driftskostnader pr avlagde 60-studiepoengeiningar (1 000 kr)	106	122	134	138	140
Driftskostnader pr publikasjonspoeng (1 000 kr)	4 677	4 283	2 793	3 121	3 600
Tilhøvet mellom tilsette i undervisnings-, forskings- og formidlingsstillingar og talet på tilsette i administrative stillingar	2,43	2,42	3,58	2,58	3,00

Verksemdmål 4.2 (KD): Høgskulen i Volda skal gjennom eigen personalpolitikk medverke til eit høgt kompetansenivå, eit godt arbeidsmiljø og eit mindre kjønnsdelt arbeidsliv.

Resultatmål:

- Høgskulen i Volda skal arbeide med avdelingsvise bemanningsplanar.
- Høgskulen i Volda skal gje støtte til kompetanseheving for administrativt tilsette.
- Høgskulen i Volda skal arrangere samling for nytilsette.
- Høgskulen i Volda skal arbeide for at delen førstestillingar av totalt tal undervisnings-, forskar- og formidlingsstillingar skal auke til over 40 %.
- Høgskulen i Volda skal arbeide for at delen kvinner av tilsette med førstekompetanse skal auke til 35 %.
- Høgskulen i Volda skal tilby kurs i engelsk for både fagleg og administrativt tilsette.
- Høgskulen i Volda skal gjennomføre nytt førstelektorkurs i samarbeid med høgskulane på Vestlandet og NAFOL.
- Høgskulen i Volda skal gjennomføre analyse av sjukefråværet.

Risikovurderingar:

Ein stram arbeidsmarknad kan føre til at Høgskulen i Volda taper konkurransen om dei gode søkjarane. Situasjonen på arbeidsmarknaden har endra seg noko i det siste, men det er likevel viktig å satse på omdømmebygging og profilering. Det er og ei utfordring å halde på arbeidstakarar med høg kompetanse. Gjennom arbeidsplanane legg vi godt til rette for FoU-verksemd slik at vi kan halde fram med å vere ein attraktiv arbeidsplass for forskarar.

Høgre tal tilsette med høg formell kompetanse kan føre til auka kostnader utan tilsvarande inntekter. Det er også ein risiko at godt kvalifiserte tilsette sluttar fordi vi ikkje kan tilby gode nok vilkår ut frå dei økonomiske rammene våre.

Større arbeidspress kan føre til auka sjukefråvær og mangel på kvalifisert personale. Vi har merka noko auka sjukefråvær blant administrativt tilsette den siste tida. Det kan skuldast stort

press på grunn av innføring av mange nye system og auka kompleksitet i det administrative arbeidet. Høgskulen i Volda prøver å minske presset ved å organisere innføring av nye tiltak som prosjekt finansiert gjennom satsingsmidlane våre. Vi har no betra rutinane for oppfølging av sjukmelde, og vil også leggje til rette for styrking av utvalte funksjonar i budsjettet for 2010.

Kommentarar:

I det vesentlege har Høgskulen i Volda sjølv "utdanna" tilsette i topp- og mellomgruppestillingar. Dette må vi også rekne med i framtida. Vi har difor sett i gang forskingsprogramma for stipendiatar og førstelektorkurset. På tilsvarande vis kan det bli aktuelt å lage eit eige "dosentprogram", spesielt dersom krava til dosentstillingar knytt til profesjonsutdanningane blir klarare. Vi har også laga ei incentivordning for våre fast tilsette som ønskjer å ta doktorgrad.

Styringsparameter	Resultat				Ambisjonsnivå
	2006	2007	2008	2009	2010
Del førstestillingar av totale undervisnings-, forskar- og formidlingsstillingar	37 %	36 %	37 %	34 %	40 %
Del kvinner med førstekompetanse	21,0 %	22,0 %	22,2 %	27,7 %	35 %

Verksemdmål 4.3 (KD): Høgskulen i Volda skal halde på den høge kvaliteten i økonomiforvaltninga. Vi skal ta omsyn til god intern kontroll og ei effektiv ressursforvaltning i dei strategiske prioriteringane våre.

Resultatmål:

- Høgskulen i Volda skal forbetre dei interne rutinane for prosjektgjennomføring og projektrapportering.
- Høgskulen i Volda vil leggje vekt på at føresegner og regelverk vert etterlevde.
- Avsetningsnivået ved Høgskulen i Volda skal reduserast.
- I samarbeid mellom avdelingane og fellesadministrasjonen skal det lagast system for å analysere ressursbruken på utvalte område.

Styringsparameter	Resultat				Ambisjonsnivå
	2006	2007	2008	2009	2010
Avrekningar	9 276	5 372	-700	-1 158	-10 600
Likviditetsgrad (omløpsmidlar/kortsiktig gjeld)	1,78	1,67	1,71	1,79	1,70
Opptente inntekter BOA inkludert NFR-midlar og studieavgifter	11 434	16 096	21 066	27 282	24 300

Verksemdmål 4.4 (KD): Høgskulen i Volda skal bidra til at nasjonale kunnskapsressursar vert forvalta heilskapleg og at oppgåver og ansvar vert fordelte og løyste gjennom samarbeid.

Resultatmål:

- Høgskulen i Volda skal vidareutvikle ny grunnskulelærarutdanning i tråd med retningslinene frå KD, i samarbeid med HSF og elles innan UH-nett Vest.
- Høgskulen i Volda skal delta i Prosjekt Mørealliansen der hovudfokus ligg på utgreiing av muligheter for fagleg utvikling og samarbeid innan FoU og utdanning.
- Høgskulen i Volda skal i samarbeid med Helse- og sosialfaga i UH-nett Vest tilby desentralisert masterutdanning i helse og sosialfag.
- Høgskulen i Volda skal delta i arbeidet med å etablere ein forskarskule (doktorgradsutdanning) i psykisk helse, i samarbeid med UiA, HiH, HiT og HiBu.
- Høgskulen i Volda skal utvikle samarbeid med høgskulane på Nordvestlandet (Molde, Ålesund, Sogn og Fjordane) om administrative tenester på desse områda: innkjøp, studieadministrative tenester og IKT.
- Høgskulen i Volda skal vidareutvikle samarbeidet med HiO og HiT om vidareutdanninga i Kunst og handverk.
- Høgskulen i Volda skal samarbeide med HSH om vidareutdanninga *Leseløft for barnetrinnet*.
- Høgskulen i Volda skal samarbeide med HSF om mentorutdanning for nyutdanna lærarar.

Kommentarar:

Samarbeid om lærarutdanning i UH-nett Vest

Høgskulen i Volda er med i UH-nett Vest og samarbeider om dei nye lærarutdanningane i Region Vest.

KD har i brev av 20. november 2009 tildelt NOK 5 mill til samarbeid om nye grunnskulelærarutdanningar innan Region Vest som omfattar HiB, HSH, HSF, HVO og NLA. Løyvinga er gitt for 2009 og skal stimulere dei samarbeidande høgskulane til å ta eit felles ansvar for tilbodet om nye grunnskulelærarutdanningar i og for regionen.

Høgskulene er no inne i ein prosess med fordeling av hovudansvar for ulike delområde, og om kva som skal være felles. Først er det avklart at det skal takast eit fellesansvar for rekruttering i sektoren slik at den einkilde student skal få eit vidast mogleg fagleg tilbod, inkludert valfag. Dette samarbeidet kan være både bilateralt, mellom to aktørar, men også innebere at studentane som vert tekne opp i regionen skal kunne flytte på seg seg fritt mellom institusjonane etter faglege interesser og behov. Det er vidare avklart at HSF saman med HVO vil ta eit hovudansvar for å utvikle eit desentral/deltidstilbod for regionen. HSH vil tilsvarande ha hovudansvaret for å utvikle et tilbod i "digital kompetanse"/virtuell læringsarena, medan HiB vil ha sekretariatsansvar for dei ulike prosessane, m.a. arbeid som er sett i gang for å styrke faga og vidareutvikle eit fagleg fellesskap innan storseksjonar. Vi vil arbeide med konkretisering og

utvikling av samarbeidstiltaka utover i vårsemesteret 2010, og høgskulene reknar med at tilsvarande løyving vil bli gitt også for 2010.

Samarbeidet mellom høgskulene i Region Vest om utvikling av ny grunnskulelærerutdanningar bygger på og viderefører det generelle samarbeidet om lærarutdanning innanfor UH-nett Vest der også UiB er deltakar, men ikkje NLA.

Det generelle samarbeidet innan UH-Nett Vest skal gi positiv fagleg utvikling for dei deltakande institusjonane, for fagmiljøa og for studentane. Med utgangspunkt i Handlingsplan for UH-nett Vest 2008-2012 har arbeidsgruppa for lærarutdanningar kome fram til fylgjande forslag til tiltak og framdrift for samarbeid i nettverket:

Utdanningssamarbeid

Det blir etablert et nettverk av studieledere/programansvarlige med årlige nettverksmøter i gruppen for å sikre oppfølging av studiesamarbeidet.

Det blir etablert et seksjonsleder-/fagledernettsverk med årlige møter for å sikre planlegging og drift av storeksjonene/fagpoolene.

Mastersamarbeid vil være en viktig del av det videre arbeidet. Det må arbeides for smidige overganger og harmonisering av opptakskrav. Det må lages oversikter over etter- og videreutdanninger som kan gå inn i masterprogrammer.

I fellesskap skal det utvikles ulike studier som tilbys på nettet. Det må utarbeides gode nettstudier slik at UH-nett Vest fremstår kvalitativt og innovativt både i innhold og form.

Forskningssamarbeid

Det må lages en systematisk oversikt over forskningsprosjekter i ulike fagområder innen lærerutdanningen som er felles for institusjonene. For å vise potensial for samarbeid videre, må en diskutere hvordan et slikt samarbeid kan styrke lærerutdanningene innen nettverket.

Profilering

UH-nett Vest tar mål av seg til å utvikle profileringsområder som skal være "fyrstårn" nasjonalt og internasjonalt. Nettverket vil jobbe for å utvikle en UH-nett Vest-modell. Profiler i nettverket vil trolig utvikle seg nedenfra slik at nye profiler kan oppstå, eller allerede etablerte fagprofilerte områder kan bli styrket.

Etablering av struktur for møteplasser

Det er ønskelig med et større felles faglig seminar i året i tillegg til årlige møter i faggruppene på tvers av institusjoner. Faggruppene skal arbeide av egen kraft og være et fast møtepunkt innenfor fagene.

Ressursbehov knytt til samarbeid i UH-nett Vest

For vidare utvikling av samarbeid, arbeidsdeling og konsentrasjon peika UH-nett Vest i brev av november 2009 til departementet på behov for ressurstildeling knytt til fylgjande punkt:

- Prosjekt: Utvikling og implementering av digitale samarbeidsverktøy i nettverket
- Samarbeid om fagutvikling, forskning, undervisning i storeksjonar (støtte til fagkonferansar, møte, reiser, formidling)
- Forsøk med deltidsutdanning i lærarutdanninga (Høgskolen i Volda og Høgskolen i Sogn og Fjordane)
- Utvikling av masterprogram knytt til begge grunnskulelærarutdanningane
- Etablering av eit førstelektorprogram innretta mot fagdidaktisk utviklingsarbeid og skuleutvikling

Region Vest ved grunnskulelærarutdanningane fekk tildelt 5 mill kroner i SAK-midlar for 2009. Behova for vidareutvikling av nye grunnskulelærarutdanningar i Region Vest vil være dei same også for 2010 i samsvar med grunngjevinga over, men med nødvendige justeringar etter kvart som samarbeidsrelasjonane vert vidareutvikla.

Samarbeid i Mørealliansen

Hovudmålet med Prosjekt Mørealliansen er å heve kvaliteten på undervisning og forskning ved dei tre høgskulane. Prosjektet skal vurdere ei rekkje forhold. Dei viktigaste er kompetansebehova i regionen, fagleg samarbeid (FoU-prosjekt, mogelege doktorgradsprogram, undervisning) og administrativt samarbeid, muligheter til å få økonomisk støtte frå ulike regionale aktørar og strategiske forhold. Ein viktig komponent i prosjektet er eit felles kurs i forskingsleiing for fagleg tilsette som kan bidra til nettverksbygging. Det er også framlegg om å etablere eige stipendiatprogram innan profesjonsretta helse- og sosialforskning finansiert av SAK-midlar. For nærare omtale av Prosjekt Mørealliansen viser vi til eige vedlegg.

Administrative samarbeidsprosjekt

Vi har gått inn i eit samarbeid med høgskulane i Ålesund og Molde om innkjøp. Offentlege innkjøp er eit komplisert regelverk. Gjennom samarbeid vil vi stå sterkare både når det gjeld kompetanseoppbygging, og når det gjeld å setje i verk systema i organisasjonane våre. Vi vil også bli mindre sårbare sidan vi kjenner organisasjonsstrukturane og rutineane til kvarandre og kan hjelpe kvarandre ved fråvær. Vi har no invitert Høgskulen i Sogn og Fjordane med i dette samarbeidet.

Vi har og eit omfattande samarbeid med høgskulane i Ålesund, Molde og Sogn og Fjordane om det studieadministrative arbeidet, m.a. elektronisk studiehandbok (Nexus), utforming og revisjon av føresegner og opplæring. Målet er at vi skal ha mest mogleg like rutinar og retningslinjer for å kunne auke samarbeidet vårt. Dette vil også opne for å kunne hjelpe kvarandre i kritiske situasjonar.

Når det gjeld IKT-samarbeidet har vi kome fram til følgjande samarbeidsområde:

- samordning av innkjøp for å få til ei utvikling mot større grad av likskap
- kunnskap og kompetanse – samordning av aktuelle område for kompetansebygging og felles kursing
- sikkerheit – felles lagring og speiling av data mellom dei tre høgskulane

- sikkerheitspolicy – samordning av sikkerheitspolicy for dei tre høgskulane
- felles IT-reglement for tilsette og studentar

Kommentarar:

Vi har innleia eit samarbeid med nabohøgskulane om ein del administrative tenester. Men på sikt meiner vi at vi er best tent med fleire sterke nasjonale institusjonsovergrepande samarbeidstiltak som t.d. UNINETT, SO og DBH. Det vil ikkje vere tilstrekkeleg at nokre mindre høgskular samarbeider om datasystem som blir meir og meir krevjande å drifte. Sjølv dei største høgskulane føler seg pressa på dette området.

Særskilde rapporteringar

Vekstpotensiale nye studieplassar

Når det gjeld vekstpotensialet for nye studieplassar, har vi lista opp aktuelle studietilbod som innleiing til planar for 2010, og vi viser til eige vedlegg for meir detaljar og grunngevingar.

IKT-arkitektur med meir

Høgskulen i Volda er kjend med prinsippa for IKT-arkitektur, vi legg dette til grunn der det er praktisk mogleg, og vi vil ta omsyn til desse prinsippa i planlegging der vi sjølv kan påverke prosessane.

Høgskulen i Volda var tidleg ute for å ta i bruk Feide-innlogging som eiga elektronisk ID-løysing, og vi nyttar denne innlogginga på alle dei systema der det er lagt til rette for det.

Vi har i liten grad tenester som skal vere tilgjengelege for ålmenta, og vi styrer i liten grad sjølv kva for administrative elektroniske system som skal nyttast.

Behov for areal

I mars 2010 tek vi i bruk nytt kontorbygg, og vi ser fram til at vi kan tilby dei tilsette betre arbeidstilhøve. Ein stor styrke med denne utvidinga er at vi endeleg får samle avdelingane.

Sjølv etter den siste utvidinga, vil vi berre ha nokre få bufferkontor, og vi vil ha mangel på rom til undervisningsfremål. I ei overgangsfase vil vi utnytte kapasiteten på undervisningsrom ved å utvide tidspunkta for undervisning.

Vi melder frå om at vi må sjå på løysingar for utviding av arealet vårt.

3.2 Plan for tildelt løyving for 2010

Løyvinga for 2010 er fordelt internt i styresak 50/2009 i møte 9. desember 2009, og det er skrive tildelingsbrev til avdelingane. Budsjettet er fordelt i rammer til avdelingane i samsvar med den vedtekte budsjettmodellen vår. Modellen stimulerer til god aktivitet mellom anna ved at premieringa av resultatata som kjem gjennom finansieringsmodellen frå KD, så godt som råd vert vidareførte internt.

I samsvar med modellen har vi sett av midlar til satsingstiltak og til investeringsmidlar etter spesielle prioriteringar.

Vår strategi har vore at ein større del av studiepoengproduksjonen skal vere finansiert ved eksterne inntekter, og dette viser no igjen både i studiepoengproduksjonen og i inntektene.

Verknaden av den låge studiepoengproduksjonen i 2007 og 2008 har vi fått i 2009- og 2010-budsjetta. Dersom vi ikkje hadde bygd opp avsetningar i åra frå 2005 til 2006, ville vi fått problem i 2010.

I samsvar med økonomistyringsordningane våre vil avdelingane få høve til å leggje delar av tidlegare avsetningar inn i driftsbudsjettet for 2010. Samla budsjetterer vi med at vi må nytte vel 10 mill kroner av avsetningsmidlane i 2010.

Studiepoengproduksjonen frå og med 2009 viser positive tendensar, og i 2011 vil vi få ein fin auke i budsjettet. Vi satsar på at eventuelle endringar i kategori plasseringane vil slå positivt ut for oss. I motsett fall kan vi få problem i 2011.

Presentasjon av fordelt ramme for 2010

Avdeling	Fordelt internt måltal frå 1.1. 10	Studiepoeng i 2008	Studiepoeng i 2007	Fordelt løyving til ordinær drift 2010 (1.000 kr)	Samanlikning frå 2009	Fordelte satsingsmidlar og stipendiatmidlar i 2010	Sum fordelt ramme inkludert satsing og stipendiatar i 2010
AKF	437	346,1	306,4	20 079	18 319	2 836	22 915
ASH	644	539,0	557,3	30 229	29 485	2 075	32 304
AMF	253	253,8	243,8	17 873	1 666	2 590	20 463
AHL	928	677,1	743,7	45 414	45 777	4 220	49 634
Ivar Aasen-instituttet	10	9,5	7,3	1 170	996	900	2 070
Fellesadministrasjon				28 724	27 784	1 180	29 904
Felleskostnader				59 394	55 214	3 175	62 569
Utsett/sentral fordeling				4 000	4 000	484	4 484
SUM	2 272	1 825,5	1 858,5	206 883	183 241	17 460	224 343

Planar 2010

Høgskulen i Volda kan vise til gode resultat både når det gjeld talet på utvekslingsstudentar, innrapporterte publiseringspoeng og NFR-midlar.

Også når det gjeld studieavgifter og oppdragsinntekter kan vi vise til gode resultat i 2009, jf note 1 i rekneskapen. Dette grunnlaget tek vi med oss inn i 2010.

Fordelte midlar til investeringar

IKT-utstyr og inventar til nybygget	2 630 (Felleskostnader)
FS-konnektor	350 (Felleskostnader)
PC-ar til studentar og tilsette	1 080 (Felleskostnader)
Nettverk, datalagring, programvare m.m.	1 020 (Felleskostnader)
Teleslynger etter søknad LMU	170 (Felleskostnader)
Tilgangskontroll, studentkortprinterar	480 (Felleskostnader)
Diverse fornying av inventar	680 (Felleskostnader)
Kopimaskiner, AV-utstyr m.m.	1 035 (Felleskostnader)
Utstyr knytt til medieutdanningane	1 140 (AMF)
Utstyr knytt til dei praktisk-estetiske faga	1 040 (AKF)
Utstyr knytt til realfag, laboratorieutstyr	90 (AHL)
<hr/> SUM fordelt	<hr/> 9 715

Fordelte investeringsmidlar inkluderer løyving frå 2009 øyremerkte inventar og utstyr i nybygget, og ein del andre overførte midlar.

Ein overordna presentasjon av budsjettfordelinga for 2010 er rapportert til DBH.

Utdanningsinstitusjon: HØGSKULEN I VOLDA

Overordnede spørsmål som besvares helt kort og konsist, jf. den strategiske delen av Rapport og planer (2009-2010).

1. Hvor mange studieplasser kan institusjonen øke med fra dagens nivå frem mot høsten 2011, gitt dagens rammebetingelser og infrastruktur?

Svar spm 1: HVO kan auke talet på studieplasser med rundt 200 heitidsplasser. For nokre av tilboda har vi lagt opp til ei opptrapping, sjå tabellen under.

2. Hvilke begrensende faktorer står institusjonen særlig overfor som hindrer vekst (kan spesifiseres på utdanningsprogram ved behov)?

Svar spm 2: Kapasiteten på undervisningsareal, men det kan mellom anna løysast med å utvide tidspunkta for undervisning (etter kl. 16 m.m.)

3. Er det særskilte studieprogram som institusjonen ønsker å prioritere spesielt av strategiske årsaker eller for å rendyrke en faglig profil?

Svar spm 3: I denne sammenhengen ønskjer HVO å prioritere mediefaga i tillegg til lærarutdanningane og helse- og sosialfaga. Vi har god søknad til mediefaga, NOKUT stadfester at vi har god studiekvalitet og vi utdannar til eit breidt og internasjonalt yrkesfelt.

Når det gjeld dei nye grunnskulelærarutdanningane har vi tidlegare fått lovnader om 100 plassar (60 + 40). Dette er ein auke på 40 i høve opptakstala for 2009. Når vi no signaliserer at vi kan ta 20 plassar meir, vil opptakstala for 2010 auke til 120.

Dokumentarstudiet er har vore eit eitt-årig påbyggingsstudie på masternivå for studentar som frå før har ein bachelorgrad i journalistikk. Vi vil ikkje ta opp studentar hausten 2010 på grunn av at vi skal vi bruke tida på å leggje om studiet til eit to-årig tilbod for å kunne tilby ein master. Dette har vore eit ønske frå tidligare studentar i fleire år. Vi legg opp til ein praktisk master for at uteksaminerte studentar skal kunne stå ennå sterkare når dei er ferdige. Det vil vere mogleg for dei som har gjennomført eit ett-årig løp frå før å søkje om innpass for å ta siste året. Dersom vi får basisløyving for studieplassane i andre året, vil vi kunne ta opp til begge åra i 2011, dvs 20 studentar.

Svar spm 3 forts.: Høgskulen i Volda har halde oppe dei praktisk – estetiske faga i lærarutdanninga sjølv om dette har vore kostnadskrevjande utdanningar som har gitt oss økonomiske utfordringar. Strategien vår har vore at desse faga er viktige for læringsmiljøa, for rekrutteringssituasjonen og for dei skulane vi rekrutterer til. Det vert vanskeleg å få plass til desse faga i den nye grunnskulelærarutdanninga. Vi søkjer i 2011 om basisløyving for studieplassar i ei kunst- og kulturlærarutdanning spesielt innretta mot kulturskulane. Dette vil kunne sikre at det gode fagmiljøet ikkje vert nedbygd, og vi vil kunne stette eit viktig samfunnsbehov både regionalt og nasjonalt.

4. Er det særskilte studieprogrammer som institusjonen ønsker å bygge ned eller avvike av samme årsaker?

Svar spm 4: Ikkje i denne omgangen

		Opptak 2009 (antall studie- plasser)	Planlagt opptak 2010 (antall studie-plasser)	Muligheter for økning i antall studieplasser til høst 2010?	Muligheter for videre økning i antall studieplasser til høst 2011?	Samlet økning fra 2010 til 2011
		Antall	Antall	Ca. antall	Ca. antall	Ca. antall
Helse- og sosialfag	Samlet	120	117	30	20	50
	<i>hvorav:</i> Barnevernpedagog	50	50	10	5	15
	Sosionom	50	47	10	5	15
	Master i helse- og sosialfag	20	20	10	10	20
Lærerutdanning	Samlet	190	225	40	65	105
	Allmennlærerutdanning	70	0	0	0	0
	<i>hvorav:</i> Grunnskolelærer - steg 1-7	0	60	5	5	10
	Grunnskolelærer - steg 5-10	0	40	5	5	10
	Lærerutdanning i kunst- og kulturfag	0	0	0	25	25
	Praktisk-pedagogisk utdanning	30	30	10	10	20
	Førskolelærerutdanning	55	60	5	5	10
	Toårig masterutdanning i spesialpedagogikk	20	20	10	10	20
Ettårig barnehagepedagogikk	15	15	5	5	10	
Realfag og teknologiske fag	Samlet	0	0	0	0	0
Andre fag	Samlet	40	30	20	25	45
	Master i samfunnsplanlegging og leing					
	<i>hvorav:</i> (m/skuleleing)	20	20	15	10	25
	Animasjonsutdanninga	10	10	5	5	10
	Mediefag - dokumentarstudiet	10	0	0	10	10
Bachelor i media, IKT og design	37	35	10		10	
Samlet for HVO		350	372	90	110	200

Vedlegg til Planar 2010

Forprosjekt MøreAlliansen

Høgskolene i Møre og Romsdal (M&R) har gått sammen i et prosjekt kalt MøreAlliansen for å utrede et tettere samarbeid. Høgskolene er små til mellomstore institusjoner, som har til sammen over 6000 studenter og 600 tilsette og en faglig arbeidsdeling med lite faglig overlappning. Bakgrunnen for prosjektet er at institusjonene har flere felles utfordringer knyttet bl.a. til rekruttering av ansatte og studenter, som må håndteres annerledes enn for de store institusjonene i storbyene.

Videre vurderer høgskolene at både næringslivets og offentlige sektor sine utfordringer innen forskning, utvikling og utdanning er annerledes på Nordvestlandet enn i de store sentrene. Høgskolene i M&R må i større grad rekruttere og utdanne eget fagpersonell bl.a. gjennom FoU-aktivitet i tett samarbeid med næringsliv og samfunnsliv.

Høgskolene i M&R ønsker gjennom MøreAlliansen, å videreutvikle samarbeidet i regionen, samt med universitet, høyskoler og andre institusjoner i inn- og utland med målsetning om å fremme høy og relevant kvalitet i utdanning, forskning og utvikling i og for Nordvestlandet. Et omsøkt forprosjekt skal klarlegge alternativer knyttet til satsingsområder (konsentrasjon), samarbeid, arbeidsdeling, organisering m.m. som kan styrke forskning, utvikling, kompetanseheving og forskningsbasert undervisning på Nordvestlandet, prosjektbeskrivelse følger vedlagt.

Hovedmål:

Forprosjektet har som hovedmålsetning å etablere et felles beslutningsgrunnlag vedrørende framtidig samarbeid mellom de tre høgskolene i M&R, samt vurdere vesentlige suksesskriterier inkludert finansierings- og rekrutteringsbehov og relasjoner til andre institusjoner, samfunn og næringsliv.

Delmål:

1. utrede og videreutvikle de **faglige visjonene** for et sterkere samarbeid mellom høgskolene i M&R med spesielt fokus på:
 - a. Utvikling av nye felles forsknings- og utviklingsprosjekter og undervisningssamarbeid
 - b. Fremme forslag til nye doktorgradsprogrammer
2. å gjennomføre et felles program, Forskningsledelse Nordvest del 2 (FNV2), for vitenskapelig personell for å skape en **felles faglig ledelseskultur** i og mellom institusjonene og bygge nettverk mellom nøkkelpersoner, vedlagt deltagerinfo og liste.
3. skape regional mobilisering og finne fram til gode modeller for utvidet **samarbeid med samfunn, nærings- og arbeidsliv**.

Felles stipendiatprogram i innenfor helse og sosial i MøreAlliansen

Mørealliansen satsar på et felles stipendiatprogram for kompetansebygging innan helse – og sosialfag.

Høgskulane i Møre og Romsdal har omfattande utdanningsaktivitet innan helse- og sosialfag med BA i sjukepleie (Ålesund, Molde), vernepleie (Molde), barnevern og sosionom (Volda), vidareutdanningar i helsefag (Ålesund, Molde) og MA i helse- og sosialfag (Molde og Volda) både for heiltids- og deltidsstudentar. Trass i omfattande utdanningsverksemd spesielt på BA-nivå, er behova for kandidatar regionalt og nasjonalt på langt nær tilfredsstillt.

Samhandlings-reforma generer nye krav og behov som ein må svare på i grunn-, etter- og vidareutdanningar både med omsyn til kvantitet og kvalitet.

Det er store utfordringar knytt til rekruttering av høgt kvalifisert fagpersonell og spesielt fagpersonar som aktivt kan delta i profesjons- og praksisretta opplæring, forskning og utviklingsarbeid. På grunn av manglende veiledningskapasitet på universitetene, opplever vi at det er vanskelig å få økt kompetansen på egne ansatte.

Dette er bakgrunnen for at Mørealliansen ønskjer å setje i gang eit eige stipendiatprogram innan profesjonsretta helse- og sosialforskning med stor vekt på utdanning av nøkkelfagpersonell til profesjonsutdanningane. Programmet skal omfatte minst 6 stipendiatar, minst to frå kvar av høgskulane, og 3 av desse er planlagt finansiert av SAK-midlar. Programmet skal ha ei styringsgruppe av professorar frå kvar av dei tre høgskolane, og det skal ha ein eigen fagleg leiar. Om mogleg skal alle stipendiatane knytast til same universitet/doktorgradsprogram. Det langsiktige siktemålet er å utvikle doktorgradsprogram med en spesiell utviklet profil på praksisnær profesjonsretta forskning, som ein sams aktivitet for dei tre høgskulane. På denne bakgrunnen søker en gjennom MøreAlliansen om 3 stipendiatstilling som vil bli fordelt med en til hver av høgskolene til formålet beskrevet ovenfor, frå og med budsjettåret 2010.

Finansiell støtte over KDs SAK-midler for 2010

MøreAlliansen søker i henhold til finansieringsplanen i vedlagte prosjektbeskrivelse, KD om 3 mill kroner i støtte fra øremerkede SAK-midler til gjennomføring av en utredning med det mandat som fremkommer av vedlagte prosjektbeskrivelse og som gjort nærmere rede for i møte med statsråd Tora Aasland 23.2.2010. Kostnader forbundet med felles forskningsledelseskurs for ansatte ved de tre høgskolene inngår som en kostnad i forprosjektet.”

MøreAlliansen søker videre om 3 stipendiatstillinger fra og med 2010, fordelt med en til hver høgskole som skal inngå i et stipendiatprogram for kompetansebygging innen helse og sosialfag